



Vang kommune
- vilt og vakker

17.04.2019

Årsmelding 2018

Vang kommune

VANG KOMMUNE



Føreord

Årsmeldinga skal ha med opplysningars om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak, for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for. Tilsvarande gjeld avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2018, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 02. mai, i hovudutvala, utvikling 14.mai, og levekår 8.mai og i kommunestyret 23.mai 2019.

I tillegg denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, frivilligsentralen, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovudmål og retningsliner i samfunnssdelen av kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningsliner for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, folkehelse, universell utforming, landbruk, langsiktige arealstrategiar, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, kommunen sin økonomi, inter-kommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, samfunnssikring og beredskap og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

Folketal justering

Vang kommune auka med 9 innbyggjarar til totalt 1610 i løpet av året. Det er nærmare beskrive i avsnittet demografiske utfordringar under hovudtal for Vang kommune.

Det er i hovudsak innvandrarane som driv folketalet oppover då dei auka med 20 personar frå 2017 til 2018, til totalt 285 personar. 40% av dei nye innvandrarane kjem i frå Litauen og Polen. Totalt utgjer desse to landa 39% av innvandrarbefolkinga i Vang kommune (og 7% av innbyggjarane i Vang).

Utvikling og utfordringar

I motsetnad til 2017 var ikkje 2018 det heilt store året for opning og fullføring av spesielt mange viktige anlegg og bygg i Vang. Det var heller slik at det var det året store bygg og anlegg vart starta opp: Dette gjeld spesielt Tveitabru Bygg AS sin nye produksjonshall og kommunen sitt nye anlegg for vassforsyning på Tyinkrysset. Som det går fram under avsnittet om næringsutvikling var det likevel jamn søknad på kommunale midlar til næringsutvikling.

Det har vore arbeidd jamt og trutt i 2018 med å legge eit omfattande grunnlag i arealdelen



av kommuneplanen for Tyinkrysset fram mot sak om utlegging på høyring. Kommunestyret fatta vedtak om dette 11.april. Siktemålet er å få vedtak på planen i denne kommunestyreperioden sjølv om det må til ei 2. gongs høyring. Kommunedelplan for Tyinkrysset vil kunne få stor betydning for heile Vang: Om ein lykkast med å få vedtak på og i oppfølginga av det utfordrande og offensive framlegg til kommunderplan for Tyinkrysset vil det vere starten på ein opptur for Tyin-Filefjellområdet som vil gje langsiktig vekst innan mange næringar og tenesteområde i kommunen.

Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytteigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte (helst etter avtale) eller e-post:

Ordførar	Vidar Eltun	vidar_eltun@vang.kommune.no
Rådmann	Reidar Thune	reidar_thune@vang.kommune.no
Rådmann frå aug.	Erlend Haaverstad	Erlend.haaverstad@vang.kommune.no
Økonomisjef	Remi Nilsen	remi.nilsen@vang.kommune.no
Sjef for OKI-etaten	Tommy-René Stordal	Tommy-Rene.Stordal@vang.kommune.no
Teknisk sjef	Terje Hålien	terje.halien@vang.kommune.no
Helse- og omsorgssjef	Guro Råheim Kvam	guro.raheim.kvam@vang.kommune.no

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida: www.vang.kommune.no

Vang, 15. april 2019
Reidar Thune
Rådmann



Innehaldsfortekning

Føreord	1
Hendingar 2018	4
Hovudtal for Vang Kommune	6
Kostra	17
Internkontroll	42
Etisk Standard	43
Likestilling og likebehandling	44
Styre, råd og utval	46
Rådmannskontoret	47
Helse- og omsorgsetaten	66
Landbruk/teknisk	87



Vang kommune
- vilt og vakker
Hendingar 2018



Innovangsjonsdagen februar 2018 (Foto: Guro R. Kvam)



Lund arbeidsbase 20 år! (Foto: Marit Gjærdingen)



Brannøving på VBU (Foto: Tor Nordaas)



Avslutning av sommarleskampanjen ved Frivilligheitssentralen/Biblioteket! Klovnen Knut

(Foto: Marte Tangen)




Vang kommune vert med i
Valdres Brann & Redning

(Foto: Valdre Brann og Redning
heimeside)






Netto driftsresultat justert for inflasjon (konserntal)



Netto driftsresultat i % av inntekter (konserntal)



Nok ein gong enda året opp betre enn frykta, i all hovudsak grunna høgare inntekter enn budsjettet. Netto driftsresultat for Vang kommune (konsern) enda på 5,1 millionar kroner, meir enn ein halvering i frå 2017. Målt mot brutto driftsinntekter så fekk me eit resultat på 2,3%, noko som er marginalt høgare enn anbefalinga på 1,75%.

Meirinntekta på ca. 5,9 millionar kroner er knytt til konsesjonskraftgevinsta som enda 2,8 millionar kroner høgare enn budsjettet. Vang kommune fekk også 1,3 millionar kroner høgare salsinntekter enn budsjettet og sjukelønsrefusjonar enda 1,6 millionar kroner over budsjett. Det er kraftinntekter og sjukelønsrefusjonar som forklarar rundt 75% av avviket. Desse er også dei inntektane som er vanskelegast å predikere.

Vang kommune greidde også å halde seg innanfor budsjettet for driftsutgifter, og enda med eit lite mindreforbruk på 4 000 kroner. Dette er me sjølv sagt særskilt fornøyd med då budsjettet var på 230 millionar kroner.

Då det ligg store inntekter knytt til konsesjonskraftavgift og sjølvkostområdet i rekneskapen, så gir desse tala oss eit noko missvisande bilet. Om me fjernar konsesjonsavgifta og ser bort i frå sjølvkostområdet vass og kloakk, så får me denne verkelegheita.




Note 12 Korrigert netto driftsresultat								
År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Netto driftsresultat i årsrekneskapen	4 089	10 256	15 917	13 262	11 949	14 153	12 398	12 393
Konsesjonsavgifter avsett næringsfond	-21 286	-21 285	-20 781	-20 766	-20 766	-19 437	-19 437	-18 986
Renteavsetnader til næringsfond	-726	-574	-904	-1 371	-1 280	-1 363	-1 386	-1 016
Netto kraft korrigert driftsresultat	-17 923	-11 603	-5 768	-8 875	-10 097	-6 647	-8 425	-7 609
Bruk av næringsfond til drift	15 979	13 337	13 808	9 539	9 739	6 951	8 188	6 024
Anna bruk av bundne fond	1 434	560	564	404	143	1 249	289	99
Netto korrigert driftsresultat utan ekstratenester	-510	2 294	8 604	1 068	-215	1 553	52	1 486
Asetningar til andre bundne driftsfond*	-694	-3 375	-2 814	-4 855	-1 461	-129	-87	-1 784
Korrigert netto driftsresultat	-1 204	-1 081	5 790	-3 787	-1 676	1 424	-35	-298
I % av driftsinntekter	-0,57 %	-0,51 %	2,74 %	-1,90 %	-0,84 %	0,74 %	-0,02 %	-0,17 %
*Her utgjør avsetningar til vatn/og avløp	262	2183	2 124	4 456				
Anbefalt minimums avkastning	1,75 %							
Målsetting	7,00 %							

* Tala her er kommunekassetal og ikkje konserntal, og avviker difor noko frå tidlegare oppgitte tal.

Som me kan sjå av tabellen ovanfor så endar Vang kommune med eit negativt korrigert netto driftsresultat på 1,2 millionar kroner i 2018. Bruk av næringsfond aukar til 15,98 millionar kroner for 2018, noko som er 75% av konsesjonavgifta Vang kommune fekk i 2018. Dette betyr at det eksisterar eit lite handlingsrom, men det blir stadig mindre. Det er difor nødvendig å vere proaktiv og fortsette arbeidet med å finne effektiviseringsmoglegheiter i kommunen.

Handlingsrommet er no så lite at det skal bare eitt år til, før store delar av reservane til kommunen kan forsvinne.

Demografiske utfordringar




Som ein kan sjå av tabellen så har Vang kommune hatt ein positiv utvikling på innbyggjartalet sidan 4. kvartal 2015. Det er arbeidsinnvandring som driver folketalet oppover, då summen av innbyggjarar som ikkje var norske auka frå 265 til 285 personar frå 2017 til 2018. Samtidig auka folketalet berre med 9 personar i same periode.

Det største gruppa innvandrarar er personar i frå Litauen med 57 personar, ein auke på 7 frå 2017, og Polen med 55 personar som er ein auke med 1 person. 40% av innvandringa kom frå desse to landa.



Utfordringa ligg i at dei to landa stadig går betre. Kva skjer om arbeidsinnvandringa stoppar opp?





Om me ser på grafen ovanfor, kan me sjå at talet på nyfødde (blå stolpe) ligg ganske stabilt på 14 i året, mens talet på barnehagebarn (rød stolpe) er fallande. Me kan glede oss over ein auke i elevar på barne- og undomsskulenivå, og talet på innbyggjarar som går på barne- og ungdomsskulen no er det høgaste i Vang i høve til dei siste 10 åra. Elevar i vidaregåande skule har stabilisert seg dei siste 3 åra, mens innbyggjarar i alderen 20 – 25 er fallande.

Auken i barne- og ungdomsskuleelevar kjem i frå innflytting, då demografien i høve til nyfødde og barn i barnehagealder skulle tilseie ein nedgang. Om fødselstala held seg og innflyttinga (utflytting) stoppar opp, vil dette føre til ei utfloating på 70 barn i barnehagealder og eit fall til 140 barn i grunnskulealder (eit fall på 47 barn). Gjennomsnittleg årskull fell dermed frå dagens ca. 18 til 14 barn.




Utvikling og trendar




Åra 2015 og 2016 var særskilt gode for Vang kommune, der inntekta auka mykje meir enn utgiftene. Faktisk auka dei så mykje at Vang kommune i 2016 hadde meir inntekter enn utgifter for første gong sidan 2010. Denne positive nye trenden blei beklagelegvis brote i 2017 der utgiftene auka lang meir enn inntektene, noko som har halde fram inn i 2018.

Auken i driftsutgiftene er knytt til all hovudsak til auka kjøp av interkommunale tenester, og auke i utbetalte tilskot.



Lønsutgiftene kan me sjå er ganske stabile i frå 2017 til 2018, med ein marginal auke på 1,3 millionar kroner. Kjøp frå andre auka med ca. 5,4 millionar, og tilskot til andre auka med 2 millionar kroner.



Lønsutgiftene står for 61% av driftsutgiftene til kommunen, noko som er ein nedgang frå 2017 der løn utgjorde 63%. Kjøp frå andre samarbeid har uka frå 11% til 13%. Ordinære kjøp av varer og tenester, overføringsutgifter og avskrivingar ligg på same nivå som i 2017.



Som me kan sjå fortsetter finansutgiftene å auke og blir stadig større enn finansinntektene. Grafen viser her at netto finans har gått frå 9,6 millionar i overskot i 2014, til 2,3 millionar kroner i underskot i 2018. Det er venta at underskota veks i takt med investeringstakten til kommunen.

Avviksforklaring

Utgifter

Etat	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	39 344 880	39 631 500	-286 620
Oppvekst, kultur- og integrering	68 784 169	70 902 000	-2 117 831
Helse og omsorg	89 274 534	89 027 000	247 534
Landbruk teknisk	33 019 422	30 687 000	2 332 422
Finansutgifter	34 430 710	31 184 000	3 246 710
Total	264 853 715	261 431 500	3 422 215

Totalt enda Vang kommune med eit meirforbruk på 3 422 215 kroner i 2018, der overføringer til disposisjonsfond (her knytt til premieavviket som ikkje er budsjettert) står for 2,8 millionar og meiroverføringsane til næringsfond var på 700 tusen kroner. Desse summane er knytt til posten finansutgifter.

Rådmannskontoret sitt mindreforbruk er knytt til eit mindreforbruk på løn på 934 tusen kroner, eit meirforbruk på kjøp av varer og tenester på 250 tusen kroner, og ca. 360 tusen kroner meir i tilskot enn berekna.

OKI-etaten sitt mindreforbruk er i all hovudsak knytt til løn med 1,7 millionar kroner i mindreforbruk, og kjøp av varer og tenester som hadde eit mindreforbruk på 370 tusen kroner.

Helse- og omsorgsetaten sitt meirforbruk er knytt til kjøp av varer og tenester, som hadde eit meirforbruk på 326 tusen kroner.



Landbruk og teknisk etat hadde eit meirforbruk på totalt 2,3 millionar kroner, der løn forklarar 500 tusen, kjøp av varer og tenester (her i hovudsak vedlikehald, service og konsulenttenester) hadde eit meirforbruk på 800 tusen kroner, og overføringsutgifter var rundt 700 tusen kroner over budsjett.

Overforbruk i etater forutan finansutgifter, vart i all hovudsak finansiert internt ved underforbruk i andre etatar.

Inntekter

Etat	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	-154 595 568	-151 471 000	-3 124 568
Oppvekst, kultur og integrering	-23 307 946	-22 898 000	-409 946
Helse og omsorg	-19 492 497	-18 371 000	-1 121 497
Landbruk teknisk	-23 203 919	-21 785 000	-1 418 919
Finansinntekter	-44 258 997	-46 906 500	2 647 503
Total	-264 858 927	-261 431 500	-3 427 427

Avvika på rådmannskontoret gjeld auka skatteinntekter (1,4 mill.) og høgare konsesjonskraftgevinstar (800 tusen kroner).

Avvika på OKI-etaten kjem frå refusjonar (1,4 mill.) og statlege overføringer (1,3 mill.).

Avvika på Helse- og omsorgsetaten er knytt til refusjonar (3,4 mill.), der i overkant 1 mill. gjeld prosjektmidlar. Salsinntektene enda 450 tusen kroner over budsjett.

Landbruk/Teknisk sine avvik gjeld i hovudsak auka salsinntekter (1,1 mill.) og bruk av bundne fond til å dekke prosjektutgifter på matrikkelprosjektet (420 tusen).

Finansavvika knytte seg i hovudsak til at me brukar 7,6 mill. mindre av næringsfondet enn budsjettert, motpost avskrivningar aukar med 4,7 mill. og bruk av disposisjonsfond er 1,6 mill. høgare enn budsjettert (knytt til premieavvik).

Differansen på 5 212 kroner mellom inntekter og utgifter gjeld avrundingsfeil i overføringa av rekneskapen til excel.



Investeringsrekneskapen

Prosjekt	Prosjektnavn	Utg/innt	Regnskap	Budsjett (end)	Avvik
000	Uten prosjekt	Utgifter	3 139 405	0	3 139 405
035	Kyrkjene i Øye - planlegging/kyrkjegardsutviding/ny veg/servicebygg/parkeringsplass	Utgifter	0	125 000	-125 000
		Inntekter	0	-125 000	125 000
042	Kjøp/sal av bilar	Utgifter	263 000	413 000	-150 000
		Inntekter	-1 313 000	-413 000	-900 000
061	Tyinkrysset - nytt reinseanlegg	Utgifter	26 878	3 936 000	-3 909 122
		Inntekter	0	-3 936 000	3 936 000
100	Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell	Utgifter	4 662 644	10 000 000	-5 337 356
		Inntekter	0	-10 000 000	10 000 000
110	KLP - eigenkapitalinnskot	Utgifter	672 401	672 000	401
		Inntekter	0	-672 000	672 000
115	Kjøp av maskinar	Utgifter	364 706	490 000	-125 294
		Inntekter	0	-490 000	490 000
125	Startlån	Utgifter	1 113 185	500 000	613 185
		Inntekter	-1 113 185	-500 000	-613 185
128	Kjøp/sal av aksjar og andelar	Utgifter	1 114 213	0	1 114 213
		Inntekter	0	-597 000	597 000
144	Kjøp/sal av fast eigedom	Utgifter	77 800	0	77 800
		Inntekter	-5 027 948	0	-5 027 948
166	Brakkeseksjon Fredheim	Inntekter	-41 000	0	-41 000
182	Fredheim barnehage - nybygg/påbygg	Utgifter	163 500	0	163 500
192	Eigenkapitalinnskot intermediæravdeling VLMS	Inntekter	-597 015	0	-597 015
210	VBU - ombygging/nybygg	Utgifter	963 228	1 259 000	-295 772
		Inntekter	-6 518 667	-1 259 000	-5 259 667
220	Tettstadutvikling Vang sentrum	Utgifter	53 625	100 000	-46 375
		Inntekter	0	-100 000	100 000
227	Overføringsledning Fløgstrøndfjorden	Utgifter	139 485	162 000	-22 515
		Inntekter	0	-162 000	162 000
238	Avdrag lån	Inntekter	-5 124 213	0	-5 124 213
241	Garasje	Utgifter	306 620	650 000	-343 380
		Inntekter	0	-650 000	650 000
250	Digitalisering av arkiv	Utgifter	0	750 000	-750 000
		Inntekter	0	-153 000	153 000
254	Adgangskontroll Vangsheimen	Utgifter	213 678	300 000	-86 322
		Inntekter	0	-300 000	300 000
255	Ryfoss - Kloakk	Utgifter	132 619	430 000	-297 381
		Inntekter	0	-430 000	430 000
256	Ryfoss - Vann	Utgifter	240 638	430 000	-189 362
		Inntekter	0	-430 000	430 000
258	Renseanlegg - luktfjerning	Utgifter	204 888	0	204 888
273	Lydisolering - Høre	Utgifter	0	100 000	-100 000
		Inntekter	0	-100 000	100 000
275	Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	Utgifter	37 000	125 000	-88 000
		Inntekter	0	-125 000	125 000
276	Rekkverk Heen - Remmisåsen	Utgifter	261 727	262 000	-273
		Inntekter	0	-262 000	262 000
277	Veg og lys - Ryfoss	Utgifter	278 828	140 000	138 828
		Inntekter	0	-140 000	140 000
279	Aktivitetspark	Utgifter	513 279	500 000	13 279
		Inntekter	-515 000	-500 000	-15 000
280	Tømmestasjon - Bøflaten camping	Utgifter	219 168	218 000	1 168
		Inntekter	0	-218 000	218 000
281	Lån	Utgifter	4 000 000	0	4 000 000
282	Rehabilitering svømmebasseng	Utgifter	1 087 514	955 000	132 514




I 2018 har kommunen investert 17 110 624 kroner fordelt på 24 prosjekt. Dette er 5 406 376 kroner mindre enn budsjettert. 4 av prosjekta med aktivitet var ikke budsjetterte og 3 budsjetterte prosjekt vart ikke påbegynt.

Vang kommune henta også inn 20 250 029 kroner i tilskot og salsinntekter fordelt på 8 prosjekt, der 4 av dei ikke var budsjetterte. Dette betyr at Vang kommune enda med eit overskot på investeringsrekneskapen på totalt 3 139 405 kroner. Det er i hovudsak sal til Valdres Brann og redningsteneste som står for inntektene, i tillegg til utbetaling av 6 518 667 kroner i spelemidlar som ikke var budsjettert.

Avvika er knytt til:

- Prosjekta 035, 250 og 273 hadde budsjett på totalt 975 000 kroner og ingen av dei vart igangsatt som planlagt.
- Prosjekt 061 – reinseanlegget på Tyinkrysset vart ikke ferdigstilt som planlagt og har eit underforbruk på 3 909 122 kroner.
- Vassforsyning på Tyinkrysset brukte 5 337 356 kroner mindre enn budsjettert.
- Det var lånt ut 613 185 kroner meir i startlån enn budsjettert, finansiert av husbanklån. Prosjekt 125.
- Prosjekt 210 fekk utbetalt spelemidlar på totalt 6 518 667 kroner. Dette var ikke budsjettert før i 2020.
- Sal av eidegar til VBRIKS var budsjettert feil og investeringsrekneskapen var derfor underbudsjettert med ca. 6 millionar kroner. Ført på prosjekt 144 og 042.
- Det var utbetalt eit kortsiktig likviditetslån til Vang Energiverk på totalt 4 000 000, dette var ikke budsjettert. Lånet vart tilbakebetalt, og denne inntekta var då heller ikke budsjettert. Ført på prosjekt 281 og 238.
- Omgjøring av ansvarleg lån til Eidsiva til aksjekapital vart ikke budsjettert i investeringsrekneskapen. Dette er ført på prosjekt 128 og 238.
- Det var utbetalt ein sluttsum til OK Ventilasjon knytt til Fredheim barnehage (prosjekt 182) som ikke var budsjettert.
- Prosjekt 282 – rehabilitering av svømmebasseng. Dette prosjektet hadde eit overforbruk på 132 514 kroner. Overforbruket kan forklaraast med brot på prosjektretningslinene. Det opprinnelige prosjektet ble billigare enn først berekna og bytting av reinsepumpa vart utegløymd når ein planla prosjektet. Det vart tatt ein avgjersle på å bytte reinsepumpa når ein først var i gang. Dette ført til ein budsjettsprekk, då det kom nokon uforutsette kostnadar på den ordinære utføringa. Grunna ein kommunikasjonssvikt mellom utførande og økonomisjef, ble det ikkje satt opp ein sak om budsjettendring i 2018. Økonomisjefen tar sjølvkritikk på dette. Hadde retningslinene for prosjektstyring blitt fulgt hadde ikke dette skjedd.

Det står dermed 3 139 405 kroner i ubenyttta investeringsmidlar for 2018.




Fondsoversikt

Denne figuren viser Vang kommune sine frie fondsmidlar dei siste 8 åra. Me kan her sjå at disposisjonsfondet har variert mykje i perioden. I 2015 nådde disposisjonsfondet sitt lågaste nivå med berre 2 millionar kroner til disposisjon. I perioden 2015 til 2017 kan me sjå at fondet har vekse til 12,9 millionar kroner, med eit nytt fall til 11,5 millionar kroner i 2018. Det vart nytta mindre av fondet enn først budsjettet. Målet til disposisjonsfondet er å ligge på 10 – 15% av driftsinntekta, noko som svarer til 20 – 30 millionar kroner. Det er fortsatt eit stykke igjen til me når dette målet.

Pensjonsfondet er midlar knytt til kommunens premieavvik og er såleis ikkje frie midlar.

Forsikringsfondet er midlar satt av til større forsikringsutgifter, då kommunen har ein eigenandel på 250 000 kroner på eigedomsmassen.



Det var budsjettet å bruke 21 millionar kroner av næringsfondet til drift i 2018, men det enda opp med berre 15 979 135 kroner. Næringsfondet auka difor med 6 millionar kroner frå 2017 til 2018 og ligg no på nesten 56,5 millionar kroner.

Ein viktig grunn til auken i fondet er at Vang kommune no lånefinansierar investeringane sine, i staden for å nytte næringsfondet. Næringsfondet ble i 2017 knytt direkte til drift, og berre investeringar det ikkje er lovleg å lånefinansiera blir finansiert av fondet.

Renter og avdrag som blir dekt av næringsfond utgjorde 8 981 948 kroner i 2018, opp frå 7 600 882 kroner i 2017. Det er denne utgifta som vil fortsette å stige i framtida, etter kvart som investeringane blir realisert. Me kan sjå for oss ein dobling av dette beløpet dei neste 4 – 6 åra.

Det er vedteke av kommunestyret at det er ønskjeleg at fondet kjem opp att til hovudstol som er 91,2 millionar kroner, der 25,9 millionar er Kraftfond som ikkje kan nyttast til utlån eller tilskot, og 65,3 millionar kroner er Heimfallsfond som kan nyttast til kommunale tiltak, utlån eller tilskot.

Heimfallsfondet har i dag 30,6 millionar kroner til disposisjon.



Kostra

Samanlikningskommunane er sett opp slik at dess nærmere Vang dei er i størrelse, desto større samanlikningsgrunnlag er det. Nord-Aurdal er t.d. så mykje større enn Vang at det er vanskeleg å sjå eit klart samanlikningsgrunnlag grunna stordriftsfordelane til Nord-Aurdal. Det er difor Nord-Aurdal er på botnen av tabellane, då dei truleg har minst til felles med Vang.

Finansielle Nøkkeltal

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	-0,8 %	1,9 %	-1,6 %	-4,1 %
Kostragruppe 06	0,9 %	1,9 %	1,0 %	2,3 %
Etnedal	4,3 %	2,5 %	-3,7 %	-5,1 %
Vestre Slidre	-3,1 %	1,8 %	3,8 %	5,2 %
Sør-Aurdal	5,0 %	5,7 %	4,0 %	1,3 %
Øystre Slidre	-0,2 %	0,1 %	-1,8 %	3,2 %
Nord-Aurdal	2,7 %	2,9 %	3,1 %	1,7 %

Som me kan sjå her så er me tilbake med negative brutto driftsresultat. Vang kommune kan vise til eit gjennomsnittleg brutto driftsresultat dei siste 4 åra på -1,2%, därlegast blant alle me samanliknar oss med. Årsaka til at Vang kommune har råd til å ha eit kostnadsnivå som ligg over inntektene over tid, er dei store konsesjonsavgiftene som kommunen har motteke. Ein bør vere oppmerksam på at konsesjonsavgiftene verkar på same måte som eigedomsskatt, og at ei langsigktig trend med mykje høgare utgifter enn inntekter, vil føre til at kostnadsnivået eter opp heile konsesjonsavgifta, og dermed fører til ein stor ubalanse i økonomien.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	6,7 %	7,6 %	5,1 %	2,3 %
Kostragruppe 06	3,4 %	3,7 %	3,0 %	3,4 %
Etnedal	8,8 %	6,6 %	-0,1 %	-3,4 %
Vestre Slidre	0,1 %	3,8 %	6,2 %	7,5 %
Sør-Aurdal	4,1 %	4,7 %	3,5 %	0,7 %
Øystre Slidre	3,3 %	3,6 %	1,8 %	5,9 %
Nord-Aurdal	3,3 %	3,5 %	3,8 %	3,2 %

Når me ser på netto driftsresultat, ligg Vang nok ein gong i toppsjiktet. Gjennomsnittet for dei siste 4 åra ligg på 5,4%, men med ein klar negativ trend. Målsettinga bør vere eit resultat på 6,5 - 7,5 % for å sikre at me ikkje brukar opp næringsfond til drift. Sjølv om Vang kommune går mykje betre enn frykta, så ser ein at resultatet har falle dramatisk i 2018.



Frie inntekter i kroner per innbyggjar				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	68 597	69 700	69 500	70 976
Kostragruppe 06	75 271	76 240	77 105	77 412
Etnedal	79 401	77 007	77 283	78 861
Vestre Slidre	60 966	64 517	62 821	63 390
Sør-Aurdal	66 530	67 958	68 156	68 330
Øystre Slidre	59 838	59 083	60 507	60 513
Nord-Aurdal	54 434	55 298	56 173	55 943

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, er det bare Kostragruppa og Etnedal som har høgare frie inntekter enn Vang. Vang kommune har ein god auke i dei frie inntektene i 2018, med 2,12%, noko som er best i samanlikningsgrunnlaget ovanfor. Dette kjem godt med etter nedgangen i 2017.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	37,1 %	67,9 %	68,9 %	71,5 %
Kostragruppe 06	63,7 %	67,6 %	69,3 %	65,5 %
Etnedal	26,8 %	29,5 %	43,1 %	44,4 %
Vestre Slidre	50,9 %	50,2 %	46,7 %	49,3 %
Sør-Aurdal	65,1 %	66,3 %	66,1 %	72,1 %
Øystre Slidre	63,3 %	63,3 %	73,5 %	65,9 %
Nord-Aurdal	66,7 %	61,4 %	61,9 %	73,5 %

Vang kommune har i dei siste åra drive ei ekspansiv utbygging av tilboda i kommunen. Dette har ført til at me for første gong tok opp lån for å finansiere alle prosjekta (2015). Dette kjem tydeleg fram i 2015-18, og langsiktig gjeld vil fortsette å auke i tida framover. Gjelda auka mindre i 2018 enn forventa, då reinseanlegget ikkje vart ferdigstilt og vassanlegget på Tyinkrysset hadde lågare aktivitet enn budsjettert. Då Vang kommune ikkje tok opp lån i 2018 gjeld denne auken IKS'er.



Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	50,1 %	38,6 %	43,8 %	50,5 %
Kostragruppe 06	27,3 %	29,6 %	27,4 %	29,0 %
Etnedal	31,2 %	36,9 %	25,8 %	25,6 %
Vestre Slidre	7,4 %	12,1 %	16,7 %	26,7 %
Sør-Aurdal	22,9 %	20,3 %	22,1 %	25,5 %
Øystre Slidre	28,2 %	30,9 %	41,1 %	28,3 %
Nord-Aurdal	21,2 %	20,9 %	21,7 %	26,9 %

Vang kommune har ikkje noko likviditetsproblem.



Prioriteringar

Prioriteringar skal vise korleis ein prioriterer pengebruken i kommunen. Det er i hovudsak ikkje meint å lesast som eit produktivitetsmål, for eksempel som ein stykkpris. Den bør heller brukast til å sjå om ein er einig i korleis pengane er prioritert, og om dei følgjer dei retningsliner som er gjeve. Der det er tilgjengeleg er tala justert for utgiftsbehov og deflator.

Administrasjon

Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring pr. innb.				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	7 940	7 520	6 543	6 517
Kostragruppe 06	8 027	7 510	7 457	6 725
Etnedal	7 364	7 001	6 005	6 456
Vestre Slidre	7 151	6 406	6 180	6 141
Sør-Aurdal	6 587	5 961	6 352	6 517
Øystre Slidre	4 822	6 114	6 654	7 142
Nord-Aurdal	5 039	5 505	5 605	5 422

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, så har Vang kommune nytta stadig mindre til administrasjon. Dei to utstikkarane her er Øystre Slidre og Nord Aurdal, som er dei som nyttar mest og minst ressursar på området.

Lønn administrasjon og styring kr. pr. innb.				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	4 608	4 612	4 427	4 557
Kostragruppe 06	4 257	4 117	4 006	3 721
Etnedal	3 915	4 152	3 841	4 415
Vestre Slidre	3 935	4 203	4 319	4 447
Sør-Aurdal	2 737	2 582	2 475	2 726
Øystre Slidre	3 049	4 028	3 971	4 194
Nord-Aurdal	3 261	3 532	3 505	3 288

Om me så ser berre på lønsutgifter, så finn me ut at Vang er den som nyttar mest, og Sør-Aurdal er den som har lågast forbruk på området.



Netto driftsutgifter pr. innb. funksjon 120 administrasjon

Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	5 750	5 583	4 716	4 708
Kostragruppe 06	5 304	5 024	4 863	5 069
Etnedal	3 782	4 085	3 650	4 310
Vestre Slidre	4 849	4 211	3 985	4 190
Sør-Aurdal	4 445	4 077	4 180	4 612
Øystre Slidre	3 160	4 354	4 619	5 418
Nord-Aurdal	3 083	3 210	3 349	3 324

Om me så ser berre på netto administrasjonsutgifter, så er trenden til Vang forsatt synkande. Det er Kostragruppe 6 og Øystre Slidre som her er dei som nyttar mest ressursar innan administrasjon i Valdres. Vang kjem på tredje plass.

Konklusjonen er at Vang nyttar stadig mindre varer og tenester innan administrasjon og styring, mens lønsutgiftene held seg stabil.

Barnehagar

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	181 674	175 070	177 678	173 650
Kostragruppe 06	158 106	161 210	165 187	176 470
Etnedal	211 902	167 547	171 669	229 164
Vestre Slidre	145 667	161 928	141 222	146 174
Sør-Aurdal	135 816	111 411	123 991	154 017
Øystre Slidre	150 239	160 165	138 832	150 156
Nord-Aurdal	147 922	133 121	146 057	151 805

Tabellen ovanfor visar her utfallet av å berre ha 2 barnehagar. Utgifta pr. barn gjekk ned med over 4 000 kroner (2,2%) frå 2017 til 2018. Vang kommune nærmar seg resten av Valdres då dei hadde større hopp i utgiftene. Spesielt Etnedal hadde ei ekstrem kostnadsauke. Vang nyttar framleis nest mest i Valdres, men er lågare enn kostragruppa.



Antal barn korrigert for alder per årsverk				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	5,1	5,4	4,7	5,1
Kostragruppe 06	5,4	5,3	5,2	5,0
Etnedal	4,6	4,4	5,4	4,7
Vestre Slidre	6,0	5,2	6,1	5,5
Sør-Aurdal	6,3	6,8	6,4	5,7
Øystre Slidre	5,8	6,2	5,6	5,7
Nord-Aurdal	5,9	5,8	5,8	5,8

Her kan me sjå at Vang kommune fortsatt har få barn i høve til tilsette, målt mot resten av Valdres. Dette betyr at me har kapasitet til å ta inn barn etter kvart som dei kjem til kommunen, utan at dette vil trenge å koste meir.

Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	26,5 %	34,8 %	29,2 %	25,4 %
Kostragruppe 06	14,2 %	17,3 %	19,0 %	17,2 %
Etnedal	15,6 %	13,6 %	23,5 %	10,4 %
Vestre Slidre	14,1 %	11,7 %	13,6 %	13,2 %
Sør-Aurdal	13,8 %	13,6 %	14,5 %	7,9 %
Øystre Slidre	6,3 %	10,4 %	15,2 %	16,0 %
Nord-Aurdal	10,5 %	11,1 %	10,4 %	12,9 %

Vang kommune er framleis den som har høgast andel minoritetsspråklige barn, sjølv om den har vore synkande sidan toppen i 2016. Dette er sjølvsagt eit fordyrande element.



Utgifter til kommunale lokaler og skyss per barn i kommunal barnehage (kr), konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	22 775	32 985	37 127	36 627
Kostragruppe 06	21 660	22 045	22 854	25 382
Etnedal	30 225	29 415	23 056	25 792
Vestre Slidre	10 225	2 031	1 888	1 711
Sør-Aurdal	18 104	16 165	13 636	17 913
Øystre Slidre	27 071	30 404	28 812	20 740
Nord-Aurdal	16 512	16 470	18 729	18 984

Vang kommune er den kommunen som nytta store ressursar på lokalar og skyss. Dette er ein av hovudårsakene til Vang kommune sitt høge forbruk på barnehage i høve til resten av Valdres. Vang kommune har eit meirforbruk på 11 – 15 000 kroner per barn på dette området.

Konklusjonen er at Vang kommune prioriterer barnehage høgt, og brukar mykje ressursar på både barna og spesielt lokala i kommunen.

Grunnskule

Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	154 837,6	119 384,2	141 520,8	144 934,1
Kostragruppe 06	142 291,8	141 704,3	143 217,9	144 375,3
Etnedal	120 059,9	122 600,8	127 101,6	133 679,2
Vestre Slidre	116 174,2	113 025,2	110 301,2	115 894,1
Sør-Aurdal	119 077,5	131 062,3	119 900,2	129 241,7
Øystre Slidre	138 939,9	134 543,5	136 717,0	137 035,3
Nord-Aurdal	98 777,5	101 933,6	111 287,4	116 652,1

Grunnskulen hadde eit stort hopp frå 2016 til 2017. Dette heng saman med at VBU vart ferdigstilt og avskrivningar byrja på bygget. Totalt kan me knytte 80,5% av auken til bygningsmassen. Som me kan sjå har Vang kommune den høgaste ressursbruken i høve til alle me samanliknar oss med.



Vang kommune

- vilt og vakker

Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	114 303,0	92 677,2	93 535,7	96 311,0
Kostragruppe 06	109 403,4	108 456,4	109 424,7	110 003,9
Etnedal	89 124,1	92 084,0	96 487,0	102 301,2
Vestre Slidre	91 906,1	103 768,3	84 152,9	91 766,0
Sør-Aurdal	94 542,8	105 063,5	95 575,9	101 722,8
Øystre Slidre	97 758,1	97 551,6	94 180,4	103 159,7
Nord-Aurdal	80 953,5	86 083,8	91 498,8	94 291,1

Om me fokuserer meir på drifta av skulen som har med undervisning å gjere, så ser me at utgiftene ikkje er så høge målt mot kostraguppene og Valdres. Her er det berre Vestre Slidre og Nord Aurdal som har lågare ressursbruk enn Vang.

Korrigerte brutto driftsutgifter (222) Skolelokaler, pr. innbygger				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	3 039,86	2 289,48	4 632,46	5 078,37
Kostragruppe 06	2 874,67	2 977,16	3 095,87	3 245,21
Etnedal	2 386,97	2 425,10	2 329,10	2 506,03
Vestre Slidre	2 043,37	384,06	2 201,75	2 171,73
Sør-Aurdal	2 233,07	2 318,80	2 261,58	2 627,49
Øystre Slidre	3 710,03	3 401,54	4 112,03	3 072,56
Nord-Aurdal	1 340,92	1 187,27	1 451,23	1 648,83

Nok ein gong ser me at det er lokala som dreg opp ressursbruken. Vang kommune ligg her godt over alle me samanliknar oss med.



Vang kommune

- vilt og vakker

Lærertetthet i ordinær undervisning				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	11,5	13,0	14,7	15,0
Kostragruppe 06	-	-	-	-
Etnedal	13,2	12,7	12,3	11,7
Vestre Slidre	12,4	17,1	14,9	14,7
Sør-Aurdal	11,7	11,3	12,0	11,6
Øystre Slidre	12,3	12,1	12,2	11,4
Nord-Aurdal	16,8	15,8	13,5	15,3

Gjennomsnittlige grunnskolepoeng				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	42,2	40,9	41,0	41,1
Kostragruppe 06	40,9	41,3	40,9	41,6
Etnedal	38,5	44,1	40,2	45,2
Vestre Slidre	40,4	43,7	42,3	42,4
Sør-Aurdal	41,2	40,8	38,5	40,3
Øystre Slidre	40,9	42,6	37,8	42,8
Nord-Aurdal	39,5	40,9	38,0	41,6

Som me kan sjå av tabellane ovanfor, så har Vang hatt ein gradvis auke i antal barn per lærar, og er no berre slått av Nord-Aurdal. Me ligg derimot noko bak på gjennomsnittleg skulepoeng. Resten av Valdres hadde eit hopp frå 2017 til 2018 som Vang ikkje tok del i. Me har derimot ein svakt stigande trend som er positiv.

Det har vore satsa mykje på grunnskulen i Vang gjennom bygginga av VBU, noko som kjem tydelig fram i tala. Det er i hovudsak lokala som har ført til dei større kostnadsaukene. Om me isolerer undervisning, så ser me at Vang ligger godt til i høve til dei me samanliknar oss med.



Kultur og idrett

Netto driftsutgifter kultursektoren pr. innb.				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	4 732	4 763	4 604	4 707
Kostragruppe 06	3 330	3 264	3 356	3 402
Etnedal	2 839	3 109	3 321	3 369
Vestre Slidre	2 699	3 261	3 222	3 159
Sør-Aurdal	1 251	1 252	1 194	1 515
Øystre Slidre	1 727	1 810	1 752	1 837
Nord-Aurdal	2 241	1 998	2 025	2 158

Det kjem her tydlig fram at kultursektoren er særsviktig i Vang kommune, og me ligg klart over dei me samanliknar oss med (82% øver snittet).

Netto driftsutgifter kulturskule, pr. Innb. 6 – 15 år				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	7 676	6 905	6 672	6 909
Kostragruppe 06	5 735	5 765	5 578	5 897
Etnedal	8 210	7 984	7 764	7 788
Vestre Slidre	9 307	11 984	13 484	12 264
Sør-Aurdal	3 243	3 232	2 905	3 151
Øystre Slidre	5 376	5 488	5 474	5 823
Nord-Aurdal	4 360	3 820	4 667	4 769

Om me isolerer kulturskulen så ser tala betre ut. Her er det Vestre Slidre som har høgast ressursbruk, og nytta meir enn dobbelt så mykje som dei andre gjer i snitt. Vang ligg ca. 26% over resten av dei me samanliknar oss med (om me tar ut Vestre Slidre). Desse tala seier ikkje noko om kostnaden per brukar av kulturskulen. Dersom me inkluderer desse tala i tabellen nedanfor, så får me eit heilt anna bilet.



Korrigerte brutto driftsutgifter kulturskule, per brukar				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	18 259	17 057	14 894	14 562
Kostragruppe 06	19 146	20 328	20 285	21 157
Etnedal	20 251	20 175	21 666	24 321
Vestre Slidre	27 693	28 940	32 178	32 418
Sør-Aurdal	23 470	24 246	23 335	23 518
Øystre Slidre	12 781	13 332	14 756	14 416
Nord-Aurdal	15 068	15 326	18 831	21 010

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, er det berre Øystre Slidre som nyttar mindre per brukar enn Vang.

Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 044	1 161	1 220	1 276
Kostragruppe 06	551	548	541	533
Etnedal	402	327	412	397
Vestre Slidre	344	335	355	366
Sør-Aurdal	396	399	415	411
Øystre Slidre	331	312	358	340
Nord-Aurdal	358	319	368	370

Bibliotekutgiftene er derimot særskilt høge, og det er berre 3 andre kommunar i Noreg som nyttar meir enn Vang. Noko av forklaringa på dette, er Vang kommune sin bruk av biblioteket i samband med mottaket.



Vang kommune

- vilt og vakker

Netto driftsutgifter til kulturbrygg, pr. innb.				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 245	1 130	1 172	1 360
Kostragruppe 06	305	310	315	307
Etnedal	-5	22	2	-2
Vestre Slidre	362	393	259	329
Sør-Aurdal	-27	-38	-11	148
Øystre Slidre	71	1	9	3
Nord-Aurdal	206	209	196	191

Om me fordjupar oss litt i tala, så ser me at Vang nok ein gong nyttar overveldande meir på kulturbrygg enn resten av dei me samanliknar oss med. Og det er bare éin kommune som brukar meir enn Vang i kostragruppa vår. Ein forklaring på dette er dei tidlegare skulane og barnehagane, som no er omgjort til samfunnshus. Vang kommune tar ikkje betalt for bruk av samfunnshusa, noko som slår ut her.

Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-18 år, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 592	1 839	1 820	1 759
Kostragruppe 06	1 557	1 543	1 673	1 495
Etnedal	1 173	1 238	700	507
Vestre Slidre	515	544	161	-84
Sør-Aurdal	394	453	417	409
Øystre Slidre	608	521	478	558
Nord-Aurdal	643	928	-119	1 206

Vang kommune prioriterer barn og unge høgt og har ein del ressursbruk på dette området. Dette er ein del av kommunen sin strategi for å få barn og unge til å trivast i Vang kommune, og me håpar dei flyttar tilbake til kommunen etter endt utdanning/tidleg karriere.

Vang kommune prioriterer kultur som eit forsøk på å skape trivsel i kommunen og kanskje få ungdommen tilbake etter nokre år under utdanning og arbeid. Det er 3 store postar som driv kulturkostnadene, der kulturbrygg og bibliotek er dei som skil seg mest ut.



Helsetenester

Før me byrjar å sjå på helsetenestene, kan det vere lurt å sei noko om kva helsetenestene i tabellane nedanfor måler. Helsetenester under funksjon 232 står i dag for helsetenester i mottak, helsestasjon og skulehelseteneste, psykososialt kristeam og psykisk helseteneste. Funksjon 233 gjeld samfunnsmedisin, frisklivssentral og folkehelse. Funksjon 241 gjeld legetenester, fysioterapi, helsetenester i mottak, ergoterapi, psykisk helseteneste og frisklivssentral. Funksjon 242 gjeld førebyggande team.

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, justert for utgiftsbehov og deflator				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	4 568	4 421	4 683	4 512
Kostragruppe 06	3 555	3 418	3 470	3 345
Etnedal	4 304	4 563	4 205	4 413
Vestre Slidre	4 056	4 280	3 869	1 688
Sør-Aurdal	3 124	3 486	3 350	3 399
Øystre Slidre	2 932	2 862	2 787	2 642
Nord-Aurdal	3 238	2 968	2 712	2 877

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, ligg Vang kommune på topp i ressursbruk på kommunehelsetenester målt mot dei me samanliknar oss med, og ligg på 15. plass i Noreg.

Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	7 248	7 382	7 284	6 440
Kostragruppe 06	3 222	3 463	3 434	3 334
Etnedal	6 240	6 438	6 554	5 522
Vestre Slidre	3 580	2 796	2 671	2 149
Sør-Aurdal	3 025	2 929	2 862	2 762
Øystre Slidre	2 731	2 225	2 318	2 303
Nord-Aurdal	2 572	2 299	1 988	1 617

Også innan helse retta mot barn og ungdom ligg Vang kommune høgt oppe. Innan kostragruppa vår er me berre slått av éin kommune og me ligg på 5. plass i Noreg.



Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	3 331	3 187	3 508	3 355
Kostragruppe 06	2 887	2 779	2 859	2 784
Etnedal	3 407	3 687	3 342	3 697
Vestre Slidre	3 271	3 645	3 301	1 275
Sør-Aurdal	2 325	2 793	2 556	2 639
Øystre Slidre	2 286	2 306	2 243	2 112
Nord-Aurdal	2 440	2 325	2 114	2 312

Innan diagnose og behandling, er det noko nærmare snittet sjølv om me også her ligg rimelig høgt. Etnedal er derimot den som nyttar mest på dette feltet, og Vang ligg på 27. plass i Noreg.

Vang kommune ligg høgt opp i ressursbruken på helestener i Noreg, og ein del av dette kan nok forklarast med mottaket. Kor stor andel er derimot ikkje kjend på noverande tidspunkt.



Pleie- og omsorgstenester

Netto driftsutgifter pr. innb., pleie- og omsorg justert for utgiftsbehov og deflator				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	28 417	25 965	25 976	25 750
Kostragruppe 06	18 976	19 279	19 284	19 871
Etnedal	18 158	17 530	19 728	19 440
Vestre Slidre	15 153	19 540	19 674	19 352
Sør-Aurdal	16 303	16 178	17 132	16 869
Øystre Slidre	16 630	17 254	18 257	17 506
Nord-Aurdal	18 983	20 881	20 501	20 137

Korrigert Brutto driftsutgifter pr. Innb. Pleie- og omsorg				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	37 049	37 783	38 050	39 330
Kostragruppe 06	31 069	32 761	33 599	35 798
Etnedal	32 625	33 474	35 959	37 266
Vestre Slidre	13 415	18 381	19 283	21 324
Sør-Aurdal	28 415	31 088	33 444	35 599
Øystre Slidre	21 996	22 346	23 665	24 317
Nord-Aurdal	23 729	25 005	23 927	25 677

Brutto driftsutgifter pr. Innb. Institusjon				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	17 463	17 735	18 916	17 888
Kostragruppe 06	15 975	16 947	17 198	18 064
Etnedal	14 164	14 937	15 598	18 767
Vestre Slidre	8 651	9 018	13 115	15 416
Sør-Aurdal	10 190	11 582	12 621	13 225
Øystre Slidre	10 878	10 972	11 477	11 801
Nord-Aurdal	7 811	8 121	8 415	9 271



Vang kommune

- vilt og vakker

Netto driftsutgifter pr. Innb. Institusjon				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	12 762	11 685	12 137	10 673
Kostragruppe 06	9 312	9 268	9 204	9 196
Etnedal	7 563	6 680	8 089	8 419
Vestre Slidre	6 500	6 905	9 898	10 966
Sør-Aurdal	5 601	4 778	5 155	4 800
Øystre Slidre	7 507	7 452	7 649	7 249
Nord-Aurdal	5 935	5 997	6 197	5 956

Netto utgift per plass i institusjon, korrigert for utleie				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	840 114	874 543	938 853	897 000
Kostragruppe 06	902 576	971 674	1 000 196	1 025 143
Etnedal	767 652	729 174	925 818	927 652
Vestre Slidre	523 458	788 279	1 298 750	1 422 930
Sør-Aurdal	599 457	567 674	647 159	618 739
Øystre Slidre	634 244	729 372	809 805	759 286
Nord-Aurdal	824 713	982 971	1 094 021	1 096 178

Lønnsutgifter ekskl. fravær pr. innb., institusjonslokaler				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 450	1 461	1 460	1 525
Kostragruppe 06	504	589	634	721
Etnedal	1 028	1 051	1 008	985
Vestre Slidre	110	114	112	114
Sør-Aurdal	666	699	720	724
Øystre Slidre	176	445	514	364
Nord-Aurdal	418	381	194	262



Brutto driftsutgifter pr. innb., heimehjelp				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	16 349	16 991	17 148	19 360
Kostragruppe 06	15 482	16 171	16 821	17 762
Etnedal	15 499	15 436	17 269	16 324
Vestre Slidre	12 458	17 141	13 442	13 112
Sør-Aurdal	14 233	15 565	16 901	18 354
Øystre Slidre	9 955	9 817	10 620	11 079
Nord-Aurdal	16 679	19 730	19 937	21 199

Netto driftsutgifter pr. innb., heimehjelp				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	13 226	13 383	13 322	16 157
Kostragruppe 06	12 352	12 867	13 372	14 872
Etnedal	14 283	14 027	15 783	15 292
Vestre Slidre	9 398	13 820	10 504	8 963
Sør-Aurdal	11 751	13 769	14 892	15 986
Øystre Slidre	9 343	9 539	10 437	10 895
Nord-Aurdal	15 547	18 008	17 932	19 365

Pleie- og omsorgstenester er eit område som skil seg litt ut for Vang kommune. Tabell 1 for pleie og omsorg viser kor stor forkjell det er på Vang i høve til alle andre. Vang kommune ligg faktisk på 6. plass i Noreg i ressursbruk på området.

Tabell 2 viser brutto driftsutgifter korrigert for avskrivningar. Me har framleis eit høgt utgiftsnivå, men differansen er ikkje fullt så stor.

Om me fortsett å fordjupe oss ned i materien, så kan me sjå av tabell 3 at me faktisk brukar mindre enn både kostragruppa og Etnedal på Vang kommune sine institusjonsplassar.

Men når me hopper til tabell 4 så ser vi at det går feil veg igjen. Nettotala er verre enn bruttotala, noko som tilsvrar at me tar inn færre inntekter på området en dei me samanliknar oss med (Vestre Slidre har ikkje eigen institusjon og er vanskeleg å tolke).

Tabell 5 seier noko om kva ein plass på Vangsheimen kostar. Me ligg her midt på treet.

Tabell 6 derimot tar for seg lønskostnadane me har til sjølve lokala, og nok ein gong ligg Vang kommune langt over dei me samanliknar oss med.

Tabell 6 og 7 fortel litt om kostnadane knytt til heimehjelp. Me er også her høgt oppe, men Nord-Aurdal er den som brukar mest ressursar på dette området.



Dette er eit område som trengs utvida analyse for å sjå kva som gjer at me kjem så høgt opp på ressursbruken.

Sosialtenesta

Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	38 617	32 974	22 783	39 634
Kostragruppe 06	29 599	29 913	35 541	38 346
Etnedal	33 964	41 322	48 084	48 070
Vestre Slidre	0	0	43 767	40 386
Sør-Aurdal	36 015	41 067	36 661	34 168
Øystre Slidre	38 771	38 826	37 456	49 575
Nord-Aurdal	35 326	36 166	37 892	37 320

Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	4 746	4 950	4 781	5 794
Kostragruppe 06	4 449	4 283	5 120	4 959
Etnedal	5 620	5 134	7 608	7 040
Vestre Slidre	5 079	4 904	5 025	5 361
Sør-Aurdal	4 413	3 444	3 517	3 638
Øystre Slidre	5 331	4 775	5 383	3 883
Nord-Aurdal	3 786	3 562	4 003	4 039



Sosialhjelpsmottakere				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	42	29	44	41
Kostragruppe 06	-	-	-	-
Etnedal	41	49	44	43
Vestre Slidre	90	91	96	83
Sør-Aurdal	111	89	93	101
Øystre Slidre	85	88	93	73
Nord-Aurdal	282	288	256	256

Vang kommune hadde eit større hopp i utgiftene knytt til økonomisk sosialhjelp. Vang ligg noko over kostragruppa og det er berre Etnedal som har høgare ressursbruk per innbyggjar i 2018.

Ressursbruk sosialetenester				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	137,01	88,79	63,54	101,95
Kostragruppe 06	127,71	107,90	116,47	114,00
Etnedal	156,82	112,25	145,04	146,26
Vestre Slidre	146,23	141,79	110,42	113,92
Sør-Aurdal	137,85	92,61	86,73	87,70
Øystre Slidre	148,39	92,20	104,41	101,23
Nord-Aurdal	115,80	96,44	100,29	101,41

Tabellen ovanfor viser ein indeksert ressursbruk for Noreg. Tal over 100 tyder høgare ressursbruk enn gjennomsnittet. Me ser at Vang ligg litt over snittet i 2018, men held seg godt i høve til dei me måler oss med.

Vang er ein liten kommune og det skal lite til for å få store svingningar. 2018 var såleis eit år med nokre høgare utgifter enn normalt.



Landbruk

Netto driftsutgifter pr. innbyggere, landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 497	1 253	1 215	1 532
Kostragruppe 06	514	541	522	588
Etnedal	488	490	669	772
Vestre Slidre	1 022	971	997	973
Sør-Aurdal	325	365	347	358
Øystre Slidre	537	634	566	500
Nord-Aurdal	219	231	252	275

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, så ligg Vang kommune klart over i ressursbruk innan landbruket. Hoppet frå 2017 til 2018 kan sjåast i samanheng med ein ekstraordinær auke i tilskot til landbruksnæringa i 2018.

Jordbruksareal i drift				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	17 358	17 352	17 911	17 578
Kostragruppe 06				
Etnedal	15 892	15 450	15 585	15 087
Vestre Slidre	26 283	25 897	26 534	27 161
Sør-Aurdal	21 266	20 966	21 599	22 141
Øystre Slidre	26 707	26 727	26 902	27 014
Nord-Aurdal	33 677	33 280	32 998	33 036

Me kan sjå av tabellen ovanfor at jordbruksarealet i drift i kommunen ligg nokså stabilt.



Jordbruksbedrifter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	113	108	106	102
Kostragruppe 06				
Etnedal	64	60	58	61
Vestre Slidre	161	152	148	149
Sør-Aurdal	112	108	106	101
Øystre Slidre	162	154	152	149
Nord-Aurdal	195	191	182	178

Det blir stadig færre jordbruksbedrifter som driv i Vang, sjølv om jordbruksarealet held seg stabilt.

Plan- og byggesak

Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø per innbygger., konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	1 199	1 575	2 072	1 647
Kostragruppe 06	1 074	1 093	994	1 200
Etnedal	1 538	2 481	1 592	2 615
Vestre Slidre	479	805	529	437
Sør-Aurdal	793	930	1 085	826
Øystre Slidre	1 166	-391	-288	710
Nord-Aurdal	637	669	628	310

Som me kan sjå av tabellane ovanfor, så har Vang kommune auka satsinga innan Teknisk etat. Sjukdom førte til ein nedgang i netto driftsutgifter i 2018, og Etnedal er no den som nyttar mest ressursar på dette området i Valdres.



Eigedomsforvaltning

Eiendomsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	9 164	9 479	12 498	13 423
Kostragruppe 06	7 829	8 328	8 887	9 352
Etnedal	7 824	8 167	8 070	8 358
Vestre Slidre	3 739	2 041	4 230	4 367
Sør-Aurdal	4 880	5 185	5 478	6 140
Øystre Slidre	5 787	6 188	7 568	5 386
Nord-Aurdal	3 449	3 366	3 617	3 837

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, så nyttar Vang kommune mykje ressursar på eigedomsmassen sin. Totalt bruker me 13 423 kroner per innbyggjar på å drifta og vedlikehalde eigedomsmassen. Dette er 115% meir enn snittet til dei me samanliknar oss med.

Samlet areal på formålsbyggene kommunen eier i kvadratmeter per brukar				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	10,5	10,5	11,3	11,2
Kostragruppe 06	9,7	9,5	9,8	9,6
Etnedal	9,9	9,2	9,7	8,9
Vestre Slidre	4,9	4,5	4,5	4,5
Sør-Aurdal	6,6	6,6	6,6	7,4
Øystre Slidre	5,5	5,4	5,5	5,6
Nord-Aurdal	4,4	4,4	4,2	4,2

Ein av grunnane til at me ligg så høgt i forhold til resten av Valdres, er at Vang kommune eiger sær mykje eigedom i høve til resten. Vang kommune eiger 11,2 kvadratmeter eigedom for kvar brukar, noko som er 67% over snittet til dei me samanliknar oss med. Nedgangen frå 2017 til 2018 kan tilskrivast salet av Ryfoss bhg, og brannstasjonane.



Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter., konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	937,1	965,9	1 146,1	1 227,9
Kostragruppe 06	873,0	919,6	953,8	1 015,1
Etnedal	899,8	987,6	924,2	1 025,8
Vestre Slidre	894,2	600,4	1 048,8	1 032,9
Sør-Aurdal	906,5	928,3	965,5	925,8
Øystre Slidre	1 151,9	1 277,9	1 504,5	1 069,2
Nord-Aurdal	1 153,1	1 213,4	1 225,1	1 261,1

Om me ser på kostnadane per kvadratmeter, så ligg Vang kommune på andre plass i Valdres, slått av Nord-Aurdal. Hoppet frå 2016 til 2017 heng saman med ferdigstillinga av Vangshallen.

Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	50	30	24	51
Kostragruppe 06	86	76	70	68
Etnedal	75	43	76	57
Vestre Slidre	64	49	73	66
Sør-Aurdal	54	64	74	64
Øystre Slidre	66	49	171	77
Nord-Aurdal	38	68	97	101

Som me kan sjå av tabellen ovanfor, så har Vang kommune hatt låge vedlikehaldsutgifter dei siste åra. Vang kommune bør bruke rundt 75 - 100 kroner pr. kvadratmeter på vedlikehald.



Vang kommune

- vilt og vakker

Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning pr. kvadratmeter				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	647	635	601	634
Kostragruppe 06	491	536	531	551
Etnedal	477	533	457	521
Vestre Slidre	640	290	619	645
Sør-Aurdal	623	590	594	584
Øystre Slidre	680	712	805	486
Nord-Aurdal	832	699	734	730

Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning, per kvadratmeter, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	195	178	190	181
Kostragruppe 06	143	156	163	154
Etnedal	179	152	122	129
Vestre Slidre	166	64	170	166
Sør-Aurdal	183	177	152	138
Øystre Slidre	154	211	215	190
Nord-Aurdal	249	226	210	218

Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter, konsern				
Kommune	2015	2016	2017	2018
Vang	92	113	97	114
Kostragruppe 06	112	120	118	129
Etnedal	112	121	120	170
Vestre Slidre	140	68	140	148
Sør-Aurdal	136	147	162	164
Øystre Slidre	175	187	199	101
Nord-Aurdal	160	149	174	158

Om me ser nærmere på driftsaktivitetane knytt til eigedomsmassen, så brukar Vang kommune 634 kroner i året per kvadratmeter. Desse kostnadane gjeld vaktmeistertenester,



Vang kommune

- vilt og vakker

reinhaldstenester, og straumutgifter.

Om me ser på reinhaldsbiten, så ligg Vang kommune på tredje plass i høve til ressursbruk på dette området i Valdres. Vang er óg den kommunen som brukar minst ressursar på straum i Valdres, noko som er naturleg då me kjøper krafta til kostpris.



Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:

Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll: Eit viktig styringsdokument kom til her ved at kommunestyret i sak K- 44 i møte 24.09.14 vedtok nytt økonomireglement. Det kan her også visast til at kommunestyret i sak K-52 i møte 22.09.2016 behandla og vedtok delegeringsreglement.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet. Dette er revidert i 2017.
- Omfattande internkontrollsysteem for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedrifts- helsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknad eller avvik.
- Internkontrollsysteem knytt til ulike særlover og føresegner.
- Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll. Etatssjefane må frå 2016 melde til rådmannen status for etaten ift. om lover, føresegner er følgjt opp. Dette gjeld også nye lovpålagde oppgåver som er komet til.
- Det har vore arbeidt mykje med GDPR i 2018 for å klargjere organisasjonen for dei nye personlovreglane som blei innført i august 2018. Vang har gjennomført internkontroll på sine system og har kjøpt inn eit GDPR system som ligg i Kvalitetslosen (Compilo). Det står fortsatt att noko arbeid, men Vang kommune er kome langt i å oppfylle dei nye personlovreglane.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsordenen som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet. Internkontroll er vidare jamt tema på leiarmøter.



Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. endring av varslingsreglementet i 2018.
- Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemd på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at mislege handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommuneleiing.



Likestillingslova § 1:

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.*»

Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.*».

Gjennomførte medarbeidarundersøkingar tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggjekomitéar alltid har med ein representant for menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningsliner for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016. Men også her blir dei ulike interessene høyrde i planleggingsfasen.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret i 2005 (revidert i 2014), omtalar likeløn: *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det ein del ufaglærte arbeids-takrar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass.

Auka lønsforskjellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniørar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter inn- føring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tariffor-handlingane.

I kommunen var det 256 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2018; derav 200 kvinner (78 %) og 56 menn (22 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antallet.

I 2018 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 7,2 % og menn på 2,1 %.

I kommunestyret er 4 av 17 representantar (24 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.



Aldersfordeling tilsette pr. 31.12.18		
Alder	Personer 2018	%-fordeling 2018
opp til 25 år	11	4,30
25-29 år	17	6,64
30-34 år	33	12,89
35-39 år	19	7,42
40-44 år	24	9,38
45-49 år	40	15,62
50-54 år	33	12,89
55-59 år	30	11,72
Frå 60 år	49	19,14
Totalt	256	100

Stillingsstorleik tilsette pr. 31.12.18		
Storleik	Perso ner 2018	%-fordelin g 2018
mindre enn 20%	14	5,47
20-49%	33	12,89
50-74%	55	21,48
75-99%	75	29,30
100 %	79	30,86
Totalt	256	100

Gjennomsnittsløn og stillingsprosent i heile organisasjonen 2018			
Kjønn	Gj.snitt løn i høve til stillings-%	Gj.snitt årsløn	Snitt stilling-%
Kvinner	340 305	454 112	72,51
Menn	400 300	480 467	78,48
Total	353 429	459 850	73,82



Styre, råd og utval

		2017	2018
Kommunestyret			
Ordførar Vidar Eltun (AP)	Møte	7	7
Varaordførar Leif Solemsli (Bygdelista)	Saker	74	76
Formannskapet			
	Møte	9	9
	Saker	43	68
Administrasjonsutvalet			
	Møte	2	2
	Saker	6	4
Arbeidsmiljøutvalet			
	Møte	2	2
	Saker	6	5
Hovudutval for levekår			
Leiar Ove Martin Stende (AP)	Møte	6	4
	Saker	22	25
Hovudutval for Utvikling			
Leiar Grete Aashem (AP)	Møte	7	7
	Saker	97	114
Kontrollutvalet			
Leiar Bjørn Bjørneseth (AP)	Møte	3	x
	Saker	17	xx
Eldrerådet			
Leiar Magnor Wigdel	Møte	6	5
	Saker	12	14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne			
Leiar Derk Stegwe	Møte	4	3
	Saker	13	9

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune



Rådmannskontoret

Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

Hovudarbeidsområde


Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellestenerster, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale samarbeid: IKT, skatteinnkrevjing og revisjon.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid og kyrkje) var 11 personar i 2018. Dette utgjorde 10,2 årsverk og er uendra i høve til 2017.

Økonomi

Ansvar 100 - 103		Regnskap	Budsjett	Avvik	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	39 381 880	39 631 500	-249 620	-0,63 %
	Inntekter	-154 595 568	-151 471 000	-3 124 568	2,06 %
	Brutto driftsutgifter	-115 213 688	-111 839 500	-3 374 188	3,02 %
Investeringsdel	Utgifter	10 039 204			
	Inntekter	-6 834 413			
	Netto investeringsutgifter	3 204 791			

Driftsutgifter 2018, eks avskrivningar



Rådmannskontoret hadde meirinntekter på 2,06% som er knytt til auka konsesjonskraftgevinster på totalt 2,8 millionar kroner. Driftsutgiftene var i høve til budsjett, men eit mindreforbruk på løn nesten 1 million kroner. Heile mindreforbruket er knytt til pensjon. Det var også eit meirforbruk innan varer og tenester på ca. 200 tusen kroner (som i sin heilhet er knytt til straum til sjølkostområda vass og avløp.), og det ble gjeve 400 tusen kroner meir enn budsjettet i tilskot. Løn og sosiale utgifter utgjør 30% av utgiftene til rådmannskontoret i 2017, ein nedgang frå 33% i 2017.

Informasjon



Vang kommune si heimeside: www.vang.kommune.no som også har link frå **heimesida**
www.vangivaldres.no

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio. Frå neste kommunestyreperiode er det aktuelt å vurdere bildeoverføring av kommunestyremøta istadenfor berre radio som i dag. (Etnedal og Nord- Aurdal kommune har dette frå 2018).
- Informasjon i Menighetsbladet
- Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar. Samarbeid med Innovangsjon SA
- Årsmeldingar frå og med 2013 blir lagt ut på kommunen si heimeside. Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.
- Møte med Tyin-Filefjell Hytte Forum for felles utveksling av informasjon i tråd med samarbeidsavtale frå 2018.

Næringsutvikling

Kommunestyret vedtok i sak K- 63 i møte 18.desember 2014 ny tilskotsordning, «næringsstipend» til fyrste gongs unge etablerarar i Vang. Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside. Det vart utbetalt 3 stipend i 2018 (30.000kr).

For 2018 var det løyvd 3,860 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremerking:

Innovangsjon SA	1 400 000 kr
Næringsutvikling	1 920 000 "
Visit Valdres	175 000 "
Valdres Destinasjon	175 000 "
Løypetilskot	190 000 "

Næringsutvikling

Det vart utbetalt 1,89 millionar kroner i næringsutvikling i 2018 fordelt slik:

Visit Valdres	50 000 kr
Bøflaten camping	330 000 kr
Huga på gard	45 000 kr
Tveitabru Eiendom	350 000 kr
Opdalsst./Øysterlie	45 000 kr
Breidband Vang	605 000 kr
Vang Autoservice	250 000 kr
Kvismo Sag	200 000 kr
Valdresløpet	15 000 kr
TOTAL	1 890 000 kr

Moment i næringsarbeidet

Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling.
God dialog og samhandling med lokal bank.

Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark, Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Visit Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovangsjon SA, og deltaking på deira arrangement:

Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål frå 2012 - 2015 er omdisponert nettopp til Innovangsjon SA. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringssaker.

Innovangsjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.

Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

I tariffsamanheng var det hovudoppgjør i 2018. Dete var ikkje sett av midlar til lokale forhandlingar i kap.4.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap.3 og 5 vert gjennomført som vanleg med verknad frå 01.mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartner m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnerar.

I desember 2016 vart det utarbeida vidare lokal handlingsplan om Inkluderande Arbeidsliv (IA) for perioda 01.01.17 – 31.12.2018. Avtala vart vedtatt av Arbeidsmiljøutvalet.

Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværs- arbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråver og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakrar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

I desember 2018 gjekk partane i arbeidslivet inn ny IA- avtale. Vang kommune er i prosess med å justere seg inn etter den nye avtalen.



Sjukefråvær

I 2018 var sjukefråværet på 6,8 %, ei reduksjon på 1,6 frå året før. Målsettinga om at 95 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid er nesten nådd med eit oppmøte på 93,2%.

Samstundes er det positivt at korttidsfråværet (fråvær under 16 dagar) held seg under 2%. Det var ein liten auke i korttidsfråværet frå 1,3% til 1,6% frå 2017 til 2018, men dette er fortsatt lågt i høve til tidligare år. Det var også eit fall i langtidsfråveret frå 7,1% til 5,2%, dette er fortsatt noko høgt i høve til tidligare år.

Sjukefråvær Vang kommune	
2018	6,8 %
2017	8,4 %
2016	7,9 %
2015	7,3 %
2014	6,2 %
2013	7,0 %

Sjukefråvær pr. etat		2013	2014	2015	2016	2017	2018
Rådmannskontoret	0,5 %	1,0 %	1,2 %	2,4 %	4,6 %	4,1%	
Etat for Skule og kultur	6,9 %	5,7 %	6,5 %	5,1 %	7,9 %	5,4%	
Etat for Helse og omsorg	8,1 %	7,5 %	8,7 %	11,8 %	10,1 %	8,4%	
Etat for Teknisk og landbruk	5,1 %	4,2 %	7,1 %	4,2 %	4,7 %	7,1%	

Korttidsjukefråvær vs. Langtidsfråvær Vang kommune

	1-16 dagar	>=17dagar	Total %
2018	1,6%	5,2%	6,8%
2017	1,3 %	7,1 %	8,4 %
2016	2,2 %	5,7 %	7,9 %
2015	3,4 %	3,9 %	7,3 %
2014	3,2 %	3,0 %	6,2 %
2013	3,4 %	3,6 %	7,0 %

Ved behov for tilrettelegging i ein gitt periode kan det vera ei

utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang.

Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «Kvalitetslosen» som er eit system for avviksbehandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningslinjer.



Eldrerådet

Vang eldreråd har i valperioden 2016-19 desse medlemmene: Magnor Wigdel, Inger Solveig Bøe, Boye Thorpe, Marie Borlaug, Inga Steile, Ove Martin Stende og Anne Lajord Belsheim.

Viser til eldrerådet si årsmelding for vidare informasjon.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

For valperioden 2016-19 er Derk Stegwee vald som leiar og Rita Berge som nestleiar.

Visar til deira årsmelding for vidare informasjon.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tilegjengelege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal.

Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret som referatsak kvart år.



Oppvekst, kultur og integrering

Etatssjef: Tommy-René Stordal

Målsetjingar

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttramme.

Hovudarbeidsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid, motorferdsel i utmark og drift av Vang læringscenter med flyktningsteneste og voksenopplæring.


Talet på tilsette i 2018 var 118 + 6 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.

Økonomi


Ansvar 200 - 290		Rekneskap	Regulert Budsjett	Avvik	
				Kroner	%
Driftsdel	Utgifter	65 904 172	67 861 000	-1 956 828	-2,88
	Inntekter	-23 299 946	-22 898 000	-401 946	1,76
	Netto driftsutgifter	42 604 226	44 963 000	-2 358 774	-5,25
Investeringsutgifter		1 557 170			



Fordeling av driftsutgifter 2018



Utvikling utgifter/inntekter



Utgiftene til etaten har gått ned med 1,58% fra 2017 til 2018, inntekta gjekk ned med 15,32%. Dette har ført til ein forvering på netto driftsutgifter på 8% fra 2017. Totalt har netto driftsutgifter auka med 15,88% fra 2016 til 2018, det er derimot fortsatt mindre enn 2014.

Inntektstapet er knytt til bufellesskapet på Gullringen. Totalt gjekk inntektene ned med 2,25 millionar kroner fra 2017 til 2018. Dette forklarar 53% av inntektstapet. Skulen har 900 tusen kroner mindre i inntekter, der 500 tusen er knytt til mindre sjukerefusjonar og 400 tusen er knytt refusjonar frå andre kommunar. Sjølv om inntektene til skulen gjekk ned frå 2017 til 2018, så var det fortsatt ca. 300 tusen kroner meir enn budsjettet.

Utgiftsreduksjonen er i sin heilhet knytt til Vang læringssenter, og dei forklarar også ca. 33% av mindreforbruket. Skule- og kulturkontoret hadde eit mindreforbruk på 626 tusen kroner, noko som forklarar ca. den andre tredjeparten av mindreforbruket. Den siste forklaringsfaktoren er Vang barnehage som hadde eit mindreforbruk på 513 tusen kroner, noko som forklarar 27%. Budsjettavvika er i hovudsak knytt til lønsutgifter.

Løn og sosialeutgifter har auka frå 79% av utgiftsbasen til 82%, kjøp av varer og tenester står for 13% noko som er ein reduksjon på 2%. Ein har dermed redusert vare- og tenesteinkjøpa, og totalt nytta etaten 400 tusen mindre enn budsjettet. I høve til 2017 var utgiftene på dette feltet redusert med 1,3 millionar kroner, der 500 tusen er skulen sin forteneste og 500 tusen er knytt til skule- og kulturkontoret.



Etatskontoret

På etatskontoret er det etatssjef, etatsrådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og kulturfagleg rådgjevar.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektor VBU, inspektør VBU, kulturskulerektor, barnehagestyrarar, biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for læringssenteret. Dei tillitsvalde deltek på nokre av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innafor denne etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage, læringssenter, bibliotek, frivilligsentral og kulturskule.



Barnehagane i Vang

Barnehagestyrar for alle barnehagane 01.01.18 – 31.07.18: Yvonne Mæland Solemsli. Barnehagestyrar Fredheim barnehage frå 01.08.18: Karin Trøen.

Barnehagestyrar Høre barnehage frå 01.08.18: Yvonne Mæland Solemsli

Vang har full barnehagedekning. Av dei totalt 58 barna i barnehagane i Vang, følgde 20 barn skuleåret. 6 barn frå Øye barnehage gjekk over til Fredheim barnehage frå august 2018. Høre barnehage hadde 19 barn, medan det var 39 i Fredheim.

Barnehagane i Vang har ein felles visjon: «Vi løftar barna fram». Den handlar om at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn og la kvart barn få utvikle seg sjølv med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne. Skule og barnehage starta opp med SmartOppvekst hausten 2018. Barnehagane er i første ledd i utdanninga, kor dei legg til rette for utvikling og positive utfordringar. Dei vaksne har som mål å skapa magiske augneblink saman med barna. Fokuset er å vera anerkjennande, vise glede, ha humor og vera ansvarsbevisste.

Brukundersøking gjennom Udir.no for alle føresette, vart gjennomført i november 2018. 31 av 52 føresette svara på undersøkinga, noko som gjer at barnehagane hamna på 59,62 % i høve til deltakinga. Brukarundersøkinga i 2017 viste eit snitt på 4,2, og i 2018 var snittet på 4,7. Høgaste moglege score er 5. Barnehagane ligg no på 4,7 - noko som gjer til at dei ligg over 80 %. Dei utfordringane som kjem til syne og som ein ser krev meir arbeid, vil barnehagane drøfte med dei føresette i kvar enkelt barnehage.

Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet vart gjennomført i november. Barnehagane har eit godt snitt. I Høre ligg det på 8,5 og i Fredheim ligg det på 9 av totalt 10 moglege. Det gode resultatet syner at dei tilsette er godt nøgde og trivst med arbeidet sitt i barnehagane. Barnehagane jobbar godt og systematisk med arbeidsmiljøet i avdelingane.

Våren 2018 vart det gjennomført kommunalt tilsyn i Høre barnehage og Fredheim barnehage. Temaet for tilsynet var «Barnehagen sitt arbeid med tidleg innsats og mot krenkande åtferd og mobbing i barnehagen». Tilsynet avdekkja ingen avvik, men tilsynsmyndigheita kom med forslag til områder barnehagane kan fokusere meir på.

Frå 01.08.18 vart leiarstrukturen i barnehagesektoren endra, og det vart tilsett ein styrar i kvar barnehage. Det er oppretta samarbeidutval i begge barnehagane.

Fredheim barnehage: Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til biblioteket, kommunehuset, skulen og fleirbrukshallen. Bygget inneheld to avdelingar, stor avdeling Grindagjengen, med 26 barn i alderen 3-6 år, og minste avdeling Hugagløtten, med 14 barn i alderen 1-3 år.

I Vang er det naturleg og vera mykje ute i vår vakre natur, og på Fredheim har vi to utedagar i veka. Måndag er det utedag for 13- og 14 kullet. Tysdag vert det utedag for 15-kullet og heile Hugagløtten. I tillegg er det klubb for skulestarterane ein formiddag i veka., ønskedag på fredagar med stasjonar og minirøris – dans for førskulebarn ei gong i veka.

Åsvang barnehage: Åsvang barnehage var ikkje i drift i 2018.

Øye barnehage: Øye barnehage ligg lengst vest i kommunen, og hadde i 2017 9 barn i alderen 1-6 år. Barnehagen har hatt ein utedag i veka, og turdagen går til naturskjønne



områder. Øye har eit fint uteområde knytt til barnehagen og ein flott lavvo i skogen. I tillegg er det ein strand som er ca. 5 minutt i frå barnehagen. På kalde dagar nyttar barnehagen gymsalen. I 2018 har «gardsliv» vore eit fokusområde, og det vart arrangert karneval med tema gardsdyr. Barnehagen vart stengt hausten 2018 og alle barna starta nytt barnehageår i Fredheim barnehage.

Høre barnehage: Høre barnehage ligg lengst sør i Vang kommune, og er den største barnehagen i areal. Barnehagen har i 2018 fungert som ein to-avdelings barnehage, med tilsaman 19 barn mellom 1-6 år.

Tema for barnehageåret blei til i samarbeid med både barn, foreldre og personale. Barnehagen tok utgangspunkt i barna sin interesse for dyr, drøfta med foreldra på foreldremøtet, og kom saman fram til årets tema «Gardsliv på Valdresvis». Nytt barnehageår starta i august 2018 med tema leik og relasjonskompetanse. Store delar av barnehagekvardagen består av leik. Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gje barna moglegheit for leik som kjelde til trivsel. Leik er ein grunnleggjande livs- og læringsform. I leiken kan barna delta med lyst og engasjement. Barn som leiker viser evne til å slappe av, lar seg rive med og har det morosamt åleine eller saman med andre. Leik er ei kjelde til humor og glede, og gjennom ulike formar for leik får barna moglegheit til å uttrykkje seg. Leiken dannar grunnlaget for barna si sosialisering, utvikling, læring og danning. Leiken er difor sentral for grunnlaget av vår utdanning – og er barnet si viktigaste læringsarena.

Planar og tiltak framover

- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Jobbe med SmartOppvekst
- Fokus på handlingar og haldningar for barn, føresette og tilsette
- Overgang heim/barnehage, barnehageavdelingar i mellom, og barnehage/skule
- Betre samarbeidet med føresette



Vang barne- og ungdomsskule

Rektor: Tor Nordaas

Hausten 2017 stod heile VBU-anlegget ferdig, med unntak av fotballbane på «den gamle ungdomssida». Elevar og tilsette har funne seg godt til rette og skulen er i normal drift.

Mål: Vang barne- og ungdomsskule jobbar i høve til følgjande overordna mål: «Vi ynskjer å vere ein skule der elevane er del i eit trygt og inkluderande miljø, og kjenner meistringskjensle og læringsglede. Vi ynskjer også å vere ein skule der dei tilsette trivst, og opplever personleg utvikling, gjennom eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.»

I 2018 har satsingsområda til skulen vore «vurdering for læring» og «lesing i alle fag» Måla har vore å gjennom betre undervegsverdning og gjennom lesekompetanse som grunnleggjande ferdighet auke læringsutbyttet i alle fag.

Totalbudsjettet for VBU var i 2018 på kr. 24.266.000,- Målet har vore å gje eit best mogeleg tilbod til elevane innanfor denne ramma. Den klart største delen av budsjettet er lønsmidlar. Kompetente og dyktige lærarar og assistenter er kanskje den viktigaste enkeltfaktoren for eit godt skuletilbod. Skulelokale som er reine og i god stander også ein føresetnad. Når det gjeld innkjøp av materiell og læreremidlar er det viktig at ein har oppdaterte læringsmidlar og utstyr, gjer fornuftige prioriteringar innanfor ramma.

Resultatvurdering: Skulen har i 2018 vore i ein svært krevjande situasjon med utgangspunkt i flyktingesituasjonen i Noreg. Mottakssenteret i Vang er eitt av få asylmottak som er att i landet. Dette har ført til langt fleire fleirspråklege elevar, og mindre stabilitet i elevmassen enn tidlegare. Ein stor del av lærarressursane har gått til opplæring og oppfølging av desse elevane, som i hovudsak går i dei ordinære klassene.

Trass i desse utfordringane ser skulen svært gode resultat på nasjonale prøver i 5. klasse. Tidlegare år har skulen prestert ein del under landsgjennomsnittet på dette årstrinnet. I 2018 var skulen likt med landsgjennomsnittet i engelsk, i lesing låg skulen over, og i rekning markant over. Dette er svært gledeleg.

På 8. trinn ligg skulen litt under landsgjennomsnittet i engelsk og lesing, og ein del under i rekning. For 9. trinn sunar resultatet at dei ligg likt med landsgjennomsnittet i i lesing. I fjer låg trinnet ein del under, og det er gledeleg å sjå at eit års godt arbeid har gjort at dei no har teke igjen resten av landet. I rekning har dei hatt same utvikling som resten av landet, men ligg enno tilsvarande under landsgjennomsnittet som dei gjorde året før.

Avgangskullet i 2018 oppnådde i gjennomsnitt 41,1 grunnskulepoeng, mot 41,7 for nasjonen. Resultatet er 0,1 betre enn året før, men snittet for nasjonen har auka med 0,3.

Med relativt små elevkull i Vang så vil læringsresultata svinge noko frå år til år. Det må likevel vere lov å tru at eit målretta arbeid innan vurdering for læring og lesing i alle fag er ein medverkande faktor i framgangen ein no ser på barnetrinnet.

Elevundersøkinga viser at elevane i Vang er godt, til svært godt nøgd på dei fleste område. Skulen gjer eit godt førebyggjande arbeid for elevmiljøet, og har ei låg terskel for å gripe tak i, og følgje opp dei tilfella som er av mobbing og mistriksel. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 13 705,- og meirinntekter på kr. 315 030,- i høve til budsjett. Årsoppgjaret viser at 99% av totalbudsjettet er nyttat.

Utfordringar framover: Frå skulestart 2020 skal det trinnvis innførast nye læreplanar i alle fag. Ny overordna del av læreplanen er allereie klar. Det lokale førebuande arbeidet for å kunne ta i bruk dei nye planane er skulen allereie i gang med, og dette vil vere eit prioritert arbeid som krev mykje tid framover. Det ligg an til store skilnadar mellom eksisterande planar og nye planar. Dei nye planane vil utfordre når det gjeld måten å organisere læringa på, og dei vil krevje eit langt større samarbeid mellom faglærarar i ulike fag. Folkehelse og livsmeistring blir eitt av fleire kjernelement i den nye læreplanen. I Vang skal skulen nytte verktyet «SmartOppvekst» for å arbeide med dette området. Skulen ser at dette er eit godt eigna verkty, og det er spanande at



SmartOppvekst blir eit felles fokusområde for både barnehage, skule og etter kvart vaksenopplæring. Skulen er godt i gang med opplæring og vil halde fram med dette framover.

Den krevjande situasjonen på flyktningområdet gjer at skulen er godt tilfredse med å ha fått tilført midlar til å auke lærarstaben med ei lærarstilling frå 2019. Dette vil vere til svært god hjelpe i arbeidet med å tilby alle elevar eit godt tilbod også framover.



Kulturskulen

Rektor: Oddbjørn Skeie

Det var 88 elevplassar i kulturskulen i 2018, noko som er under 50 % av det totale elevtalet i grunnskulen i Vang. Desse elevplassane er fordelt på 72 elevar i grunnskulen, som er 37,1 % av elevtalet. Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30%, så her er kulturskulen over.

Utbygginga på VBU er ferdig, og Vang kulturskule flytta inn i nye lokalar i 2017. Lokala fungerer godt, og mykje har kome på plass. Eit minus ved lokala er at dei blir turre, slik at instrumenter sprekk.

Dette skuleåret er tredje året med «Korps i skulen», og i år er det Odd Arne Erlandsen som er lærar frå kulturskulen. Dette er eit samarbeid mellom korps, grunnskule og kulturskule i Vang. Siri-Gro Solemsli er grunnskulen sin lærar.

I 2018 hadde kulturskulen eit vellukka teaterprosjekt med Ragnhild Lund på våren. Vang kulturskule ønsker i framtida å oppretthalde og vidareutvikle sitt kulturskuletilbod. Ni kvinner og seks menn arbeidar i Vang kulturskule, og alle har deltidsstilling. Dei fleste har små stillingar.

Kompetanseutvikling: Vang kulturskule ønskjer å bygge sin undervisning på Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping». Vang kommunestyre har vedteke at kulturskulen skal bruke denne, og difor blir implementering av denne viktig no framover. Dette vil vere med å kvalitetssikre undervisninga i kulturskulen og dermed føre med seg kompetanseutvikling.

Foreldresamarbeid: Vang kulturskule har eit samarbeidsutval som møtast ei gong i året, her blir linene for kulturskulen lagt. Samarbeidsrådet er med og evaluerer neste skuleår sin aktivitet, samt at dei evaluerer årsmelding for 2018. Det er Vang kulturskule sitt mål at foreldre skal aktivt inkluderast i kommunikasjonen rundt undervisninga til eleven. Dette gjeld spesielt kommunikasjon rundt konserter.

Arrangement: Vang kulturskule hadde i vår ein stor sumarkonsert til jul var det julekonsert. Begge i Vangshallen. Elles så er og kulturskulen med på andre mindre tilstellingar, og set dermed farge på mange miljø i Vang.

Planar framover: Våren 2019 var det meiningsa at kulturskulane i Valdres skulle ha ein felles prosjektdag laurdag 15.juni i Etnedal. Denne vart dverre utsett, men det er meiningsa at denne ideen skal takast opp att. Planen er at prosjektet skal rullere rundt om i alle kommunane i Valdres.

Vang kulturskule sitt mål er å vera inkluderande og trygg arena for all type kultur, og samtidig utvikle meistring ved å utøve eit kreativt fag som for eks piano eller showdance. Vang kulturskule ønskjer å vere eit lokalt ressurscenter for kulturell utfalding i lokallivet, det gjeld for eksempel dirigenttenester til kor, korps og eit godt samarbeid med barnehage og grunnskule.



Vang læringssenter og bufellesskapet Gullringen

Leiar: Erik Martinsen Dalåker

Læringssenteret har ansvar for voksenopplæring innan norsk og samfunnsfag, i all hovudsak for asylsøkjarar frå Vang mottakssenter. Desse har to ulike tilbod: Asylnorsk over 175 timer mens dei ventar på behandling av saka si, og rett og plikt til 600 timer norsk og samfunnsfag når dei får opphold i Noreg og ventar på å få tildelt kommune. Samtidig har læringssenteret tilbydd arbeidsinnvandrarar å delta på skulen så lenge det passar for dei med skule på dagtid. Arbeidsinnvandrarane ser på dette som ei god løysing da dei då kan delta på ulike nivå. Læringssenteret tilbyr i tillegg arbeidsinnvandrar å delta på eksamen gratis.

Læringssenteret har ansvar for busetjing etter politisk vedtak, og skal i tillegg organisera introduksjonsprogram for busette flyktningar. Vang kommune fekk i 2017 ingen anmodning om busetting i 2018. Dette vil på sikt gjere at ei driftstilpassing er naudsynt. Stillinga som flyktningeekspert vart justert frå 100% til 60% etter sommaren. Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid.

Introduksjonsprogrammet inneheld 37,5 vekestimer, fordelt på norsk, samfunnsfag og språkpraksis og heimearbeid i den digitale læringsportalen: veien inn.

Tal på tilsette er 5 lærarar, som alle har god og brei kompetanse innanfor fagfeltet.

Vang læringssenter har mange gode samarbeidspartnerar med seg i det daglege arbeidet. Vang mottakssenter, Vang folkebibliotek, Innovasjon og Vang Frivilligsentral må nemnast. Elles er det mykje spennande som skjer på tvers av kommunale sektorar. Døme på dette er Integrasjonsforum, Vinjerock, Vårt nabolag-festivalen og ikkje minst vårt eige lille prosjekt VangsRiva. Dette er eit prosjekt kor senteret tilbyr gratis hjelp til folk i Vang i sommarferien. VangsRiva er med på å vise frem dei vaksne busette innvandrarane for folk i bygda. Innvandrarane får språkpraksis og brukt arbeidsvilja si, og folk i Vang får møtt dei og blitt kjent med dei samtidig som dei får hjelp med noko dei treng å få gjort.

Gullringen: Læringssenteret har i løpet av 2018 endra drifta på Bufellesskapet. Gullringen er no organisert meir et hybelhus, med 6 tilsette. Gutane får sjølv pengar til livsophold og ordnar med sin eigen hushaldning. Dei tilsette brukar tida meir til leksehjelp og oppfølging av korleis gutane fylgjer sine eigne rutinar og kvardagsliv. 3 av gutane bor på Fagernes/Leira, ein pendlar frå Vang, ein går på skule på Dokka og ein går fortsatt på ungdomsskulen i Vang. Dette medfører mykje koordinering av oppfølging, men det er ein god moglegheit for ein mjuk overgang til at gutane meir og meir klarer seg sjølve.

Burettleiar følgjer skulegangen tett, og har dialog med skulane og klassekontaktar, samt besøksheimane som er viktig for gutane. Endringane vurderer læringssenteret som gunstige ut ifrå karakterar og trivsel. Mykje bra skjer, men dei tilsette må heile vegen jobbe vidare med sjølvstendighet og orden. Gutane held framleis på med aktivitetar i Vang, som fotball og styrketrening. I helgane samlast dei heime i Vang, og då er cricket ein populær aktivitet.

Planar framover: Frå 01.01.19 vart avdeling for spesialundervisning for vaksne organisatorisk flytta frå etatskontoret til læringssenteret. Omfanget av undervisninga er omtrent som før og inneheld øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheiter. Undervisninga skjer både i lokala på Lund, på VBU og utandørs i ulike miljø.

Læringssenteret vil fortsette å prioritere god norskundervisning og eit triveleg, positivt senter kor alle har gode moglegheiter til å lære norsk og ta eksamen. Læringssenteret tilbyr alle eksamenar som er tilgjengelig frå Kompetanse Norge. Tre gonger i året er det tilbod om skriftleg prøve, lytteprøve, leseprøve og munnleg prøve.

- Organisere undervisningstilbodet for asylsøkarar på Vang mottakssenter, i samarbeid med Vang mottakssenter, og i samsvar rettigheten til elevane som bur

der.

- Legge til rette god drift av bufellesskapet for einslege mindreårige flyktningar. Tilpassa tilbodet kontinuerlig.
- Legge til rette for best mogleg integrering av dei busette flyktningane gjennom eit godt samarbeid med lokalsamfunnet og aktuelle offentlege instansar.
- Trygt, stabilt og forutsigbart læringsmiljø på spesialundervisninga for vaksne.



Bibliotek

Biblioteksjef: Åsta Brenna

Lov om folkebibliotek har følgjande formål: Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

I 2018 ville Vang folkebibliotek legge spesielt vekt på å formidle ulike kulturelle uttrykk med hovedvekt på litteratur og gje innbyggjarane gode litteraturopplevelingar gjennom forfattarbesøk og andre arrangement.

Biblioteket hadde eit aktivt og godt besøkt år. Besøket i lokala (teljaren i døra) viser om lag 29 000. Saman med frivilligentralen og andre har biblioteket hatt 29 arrangement med om lag 1280 besøkande. Biblioteket hadde ulike litterære arrangement, som t.d. Bokbad med Kjartan Fløgstad, Bokutstillingar, Bokleik for 6-åringar, Sommarles i samarbeid med skulebiblioteket – kor barna i Vang leste mest i heile Oppland.

Biblioteket hadde fast lesesirkel ope for alle, ein gong i månaden Bokutlånet har gjekk noko ned – både for vaksne og barn. Utlån av DVD/film gjekk noko opp.

Våren 2018 var det fast forteljarstund/høgtlesing for barn. Dette fungerte därleg. Tiltaket vart sett i gong av di det var mange barn og veldig mykje uro på biblioteket. Denne gruppa barn trengte andre aktivitetar. Heile året var ein utfordring for den ordinære bibliotekdrifta, sjølv om biblioteket hadde ulike aktivitetar for barna og spesielt i feriane. Dette har roa seg noko, då mange av barna har kome inn i andre faste aktivitetar.

Gje innbyggjarane i Vang spanande kunst- og kulturopplevelingar.

Biblioteket hadde tre store utstillingar. Kreativt med garn – kor Vangsdamer presenterte strikke- og hekleprosjekt. Sommarutstilling med foto av Sven Richard Møller og Haustutstillinga – sjå eigen årsmelding under 377

Legge til rette for aktivitetar som fremjar ytringsfridom og demokrati

Biblioteket hadde ein debatt. Kven skal eige jorda? Debatt om jordbruksoppdraget i Valdres.. Då var det ikkje ein stol ledig i biblioteket. Biblioteket arbeidar elles å spegle mangfald i ytringar i samlinga.

Bidra i arbeidet med å fremje lokal bulyst og trivsel.

Ved sida av programmet heng dette målet saman med dette særskilte målet for 2018:

Vidareutvikle seg som sosial arena og lavterskel-tilbod. Her har biblioteket nokre utfordringar som ein ikkje heilt har klart å løyse. Det gjeld først og fremst rom for ulike aktivitetar i biblioteket. Utstillingar og aktivitetar for barn i same rom kan vere vanskeleg. Løysinga kan vere eit kombinasjonsrom, kor ein får eit skap til oppbevaring av utstyr til aktivitetar. Biblioteket som studiestad er og vanskeleg å kombinere med sosiale aktivitetar. Ynskje er eit studierom, gjerne kombinert med anna i andre etasje på Vangstunet. Å vere ein sosial møteplass kan og vere ei utfordring, då det stort sett berre er ein på vakt av gangen når biblioteket er ope.

Planer framover: Avslutte registrering av fotografia i Vang historiske bletsamling. Dette vart utsett til 2019 og er no i gang att. Vidareutvikle lokalsamlinga gjennom digitaliseringsprosjektet til Nasjonalbiblioteket i samarbeid med Fylkesbiblioteket. Prosjektet er avslutta frå Vang folkebibliotek si side. Resultatet ser ein på Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprosjekt: www.bokhylla.no. Der ligg det no mykje lokalhistorisk litteratur frå Vang.

Vidareutvikle formidlinga av litteratur på ulike måtar. Dei tilsette på biblioteket har delteke i nokre formidlingskurs som har vore nyttige. Vi hadde planar om å bruke meir tid på kompetanseheving når det gjeld formidling av bøker, men diverre har vi ikkje fått det til grunna stort besøk og mykje tid brukt på drift av biblioteket. Prosjektet «Samskaping» måtte og avsluttast av den grunn.



Frivilligcentralen

Leiar: Marte Tangen

Frivilligcentralen har eige styre, og styreleiar i 2018 har vore Ragni Havro Almenning. Vi har hatt 4 styremøter gjennom året. På årsmøte 7.3.18 vart vedtekten for sentralen revidert. Desse plasserer no alt det formelle ansvaret hos kommuneleiinga, og tydeleggjer styrets rolle som eit rådgjevande organ.

Hovudmålet til frivilligcentralen er å vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang, gjennom visjonen møte mellom menneske. Delmål og korleis desse har vore løyst i 2018:

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser

Sentralen har ope 3 dagar i veka, og mange bruker lokala til å studere, låne datamaskinar, spele spel osv. Foreldre med ungar som ikkje er i barnehage tilbringer også mykje tid her. Det er ei utfordring for dagleg leiar å halde oppsyn med lokala og samstundes få unna forefallande arbeid. I samråd med biblioteket vert det jobba kontinuerleg med ulike tiltak for å finne denne balansen.

Saman med biblioteket og andre har frivilligcentralen arrangert 29 arrangement i 2018, som foredrag, fleirkulturelle festar, kurs mm. Til saman deltok om lag 1280 besökande på desse arrangementa. Besøkstala er jamne og til dels stigande, truleg fordi frivilligcentralen og biblioteket bruker mykje tid og ressursar på grundig marknadsføring, og fordi tenesta over tid har etablert seg som ein profesjonell arena med solide program.

På arrangement med over 100 frammøtte er det utfordrande å ha plass til alle. Det er gjort to tiltak i 2018 for å betre tilhøva: flytte ein projektor til fagavdelinga, som har betre plass enn galleriet, og å kjøpe eit podie som aktørane kan stå/sitte på for å synast betre. Å vere godt førebudd t.d med lydanlegget er også viktig.

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Mangfaldsprosjektet på Vinjerock held fram, med fokus på rekrytering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma, og integrering av flyktningar. 9 flyktningar og 6 ungdommar var frivillige på festivalen i 2018, og ein rullestolbrukar var engasjert som 'speider' for å gi tilbakemeldingar på tilgjengeligheten.

Frivilligcentralen var med på å arrangere eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG for 3. gong. Denne gongen vart festivalen flytta til Vangshallen grunna dårlig vær. Publikumstalet auka men tilknytinga til mottaket vart noko svekka.

Fotballturneringa på Tveit vart i 2018 dessverre avlyst i siste liten grunna dårlig vær.

Frivilligcentralen hadde eit godt dialogmøte med frivillig sektor i september, og la grunnlaget for vidare samhandling mellom frivillige lag, frivilligcentralen og kommuneadministrasjonen. Det kom ikkje fram ønskjer om å jobbe vidare med ei frivilligmelding, og i samråd med styret legg frivilligcentralen dette på is.

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Til saman har 42 frivillige vore i aktivitet i 2018. Dei har til saman utført på om lag 770 timer med frivillig arbeid for sentralen dette året. I 2018 løyste vi 16 enkeltoppdrag, mellom anna ein del snømåking.

Frivilligcentralen etablerte i løpet av året lekseklubb, leksehjelp for flyktningar på videregåande, og ei studiegruppe for køyreteori. Sentralen har frå før også middagsservering på Utsikten, julegåvedugnad og øvingskøyring. Bilen vart kondemnert i juli, ny bil vart kjøpt i desember.



I april deltok 5 frivillige på kurs og vart sertifiserte aktivitetsvener. Det har ikkje kome førespurnader som har ført til aktivitetsven-kontakt med demenspasientar.

Frivilligcentralen har jobba med å utgreie ein utstyrssentral i Vang. Mange er interessert både i å bidra og i bruk, og det er kartlagt fleire ulike alternativ. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som vil jobbe vidare for ein konkret plan i 2019.

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Frivilligcentralen har eiga nettside, og facebookside med om lag 750 følgjarar pr 31.12.18. Det vart publisert 99 innlegg i 2018. Sentralen og biblioteket har også hatt pressemelding og annonse på trykk i avis Valdres ved dei aller fleste arrangementa, samt ei heilside i alle utgåvene av menighetsbladet. I januar var dagleg leiar på besøk på Nord-Aurdal frivilligcentral og delte sine erfaringar kring arbeidet med integrering. Dagleg leiar deltok også på Innovangsjonsdagen 3. februar.

Dagleg leiar opplever det utfordrande å kome seg nok ut for å møte folk 'der dei er'.

Planar framover: Målsettingane for 2019 er i stor grad dei same som tidlegare år. Utanom ordinær drift blir det å få på plass ein utstyrssentral hovedprosjektet i 2019. Utfyllande handlingsplan og årsmelding er publisert på nettsida: vang.frivilligcentral.no



Logopedtenesta

Logoped: Solveig Heimlid

Vang har ein 20% stilling som logoped. Stillinga består i logopediske oppgåver for oppveksteininga. Mål for arbeidet er å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder med ulike utfordringar. Døme på dette er uttale- og artikulasjonsvansk, fonologiske- eller utviklingsmessige språkvansk, taleflytvansk, lese- og skrivevansk, matematikkvansk der ein kan sjå at det er språkvansk som ligg til grunn, ulike diagnosar der språkvansk er ein del av tematikken, og fleirspråklegheit der språkvanskane er med på å hemma språkutviklinga. Totalt har logopeden i 2018 jobba med 19 barn.

Logopeden i Vang har eit tett samarbeid med andre aktørar kring barnehagebarna og elevane. Logopedtenesta har kontor plass på Vang barne- og ungdomsskule, og logoped har gjennom året halde seg fagleg oppdatert. Logopeden har halde føredrag på foreldremøte i Fredheim og Høre barnehagar. Tema på føredraga har vore ulike typar språkvansk og direkte og indirekte tiltak. Det faglege samarbeidet med pedagogar og assistenter har fungert godt.

Etatsjefen er særstilt nøgd med det gode og systematiske arbeidet som er utført av kommunelogopeden.

Idrett og friluftsliv

Også i 2018 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i digitalisert utgåve. I 2018 har det også vore brukt mykje ressursar på vedlikehald av Kongevegen frå Kvam til Filefjell. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslaga via Vang idrettsråd.

Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.

I 2018 vart det behandla 41 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark, av desse 35 om bruk av snøscooter og 6 gjeldande bruk av helikopter.

Ungdomsarbeid

I 2018 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, UKM, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div. mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp. Ungdomsrådet har ein eigen pott i budsjettet, p.t. 30.000,- til disposisjon.

Kino

Det har vore 11 fine kinokveldar med visning av til saman 22 filmar i auditoriet med Bygdekinoen i 2018. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei stiller opp for eit kinotilbod i Vang.

Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisningsopplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

Arrangement og økonomisk støtte



Oppvekst, kultur- og integreringsetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: UKM, klubbkveldar, utstillingar, konserter og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg over 1 mill. kr av kulturbudsjetten i økonomisk støtte.

Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgssjef: Guro Råheim Kvam

Etaten famnar heile helse-, velferds- og omsorgsfeltet: Helsetenester, pleie- og omsorgstenester, folkehelse og friskliv, NAV og barnevern.

Helse- og omsorgssjefen med stab

Etatsleiinga har vore stabil gjennom mange år. Hausten 2018 har to personar i merkantil stab og rådgjevar gått av med pensjon. Deltidsstillingane i merkantil stab er gjort om til ei heil stilling. Det er tilsett i stillinga, med oppstart 1.1.19. Gjennomsnittsalder etatsleiing med mellomleiarar og stab var på 58,7 år. 5 personar var over 60 år.

Tilsette Årsverk

Etatssjef	1	1
Rådgjevar	1	1
Merkantil stab	3	1,55
Folkehelsekoordinator	1	0,2

Helse- og omsorgssjefen er avløysar for Rådmannen ved fråvær, og informasjonsansvarleg i krisetra时时博乐在吗i kommunen. Møter fast i Helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Etatssjefen er regionen sin representant i Geografisk Samarbeidsutval (GSU) og Lokalt administrativt samarbeidsutval psykiatri i Sjukehuset Innlandet.

Gjennomføring planarbeid jf. planstrategi

- Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan – arbeidet med rullering av handlingsplanen vart sett i gang hausten 2017. Denne vart avslutta i desember 2018.
- Regional strategisk kompetanseplan for helse- og omsorg i Valdres – tiltaksdel rullerast årleg
- Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang. Utarbeidd i 2018.
- Demensplan. Planen er ikkje ferdig rullert, men er del av prosjektarbeidet «Redesign av tenestar»
- Bustadpolitisk plan for Vang kommune 2009-2019 – arbeid med rullering er sett i gang i 2018 i sambande med vurdering av behov for bygging av utleigeiningar.

Merkantil stab og rådgjevar

Merkantil stab har m.a. ansvar for lønnsarbeid, fråværsregistrering, fakturering, vederlagsbereking, pasientrekneskap og arkiv.

Rådgjevar er systemansvarleg for fagsistema Ressursstyring og Profil. Har ansvar for opplæring og utvikling, samt oppdatering og oppfølging av programma. Systemansvarleg jobbar tett med IKT Valdres og systemansvarlege i dei andre Valdreskommunane.

I Vang brukar barnehagane og bufellesskapet Visma ressursstyring i tillegg til turnusområda i pleie- og omsorg.



Rådgjevar har hovudansvar for saksførebuing av søknader om pleie- og omsorgstenester til tildelingsteamet, og skriv vedtak.

Ny rådgjevar vart tilsett og byrja i stillinga i desember.

Folkehelse

Etter folkehelselova av 2012 er folkehelsearbeid tverrsektorielt. Den lovpålagte folkehelseoversikta vart ferdigstilt i 2015, saman med ein eigen folkehelseplan for Vang. Planen er ei skisse til enkelttiltak og arbeidsmåtar, men må følgjast opp i alt planarbeid i kommunen. Difor er folkehelsearbeid fokus både i PLB og i planstrategien i Vang.

Folkehelsearbeidet skal medverke til gode møteplassar og gode sosiale nettverk, til at flest mogleg får høve til å drive fysisk aktivitet, enkelt friluftsliv og idrett på ulike nivå.

Folkehelsepolitikk for vår tid er forankra i verdiar for likeverd og rettferdig fordeling med sterkt fokus på sosial utjamning og psykisk helse. Føremål med Folkehelselova er å fremje folkehelse og utjamne sosiale helseforskellar.

Kommunen har folkehelsekoordinator i 20 %. Det er tett samarbeid med Frisklivssentralen, med ymse lag og foreiningar rundt enkeltprosjekt, med folkehelsegruppa i Valdres og OFK.

“Program for folkehelsearbeid” er eit program for ei tiårig satsing på både nasjonalt, fylkeskommunalt og *kommunalt* nivå og skal setja ekstra fokus på å styrke born og unge si psykiske helse og livskvalitet. Folkehelsekoordinatoren har deltake på fleire seminar om dette og har informert skule, barnehage og politisk om programmet. Vang kommune søkte og vart med i programmet i 2018, med satsing på Smart Oppvekst i skule og barnehage.

I samband med Sentrumsplanen i Vang har frisklivsrettleiar og folkehelsekoordinatoren jobba med tilrettelegging for fysisk aktivitet i sentrum, m.a. ved planlegging av ein aktivitetspark.

Aktivitetsoversiktliste – fysisk aktivitet - er redigert og lagt ut på Vang kommune si heimesida under folkehelse.



IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Vangsheimen, heimetenesta, miljøtenesta

Målsetjingar 2018

OVERORDNA MÅLSETJINGAR

- Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

Hovudarbeidsområde

Tilsette Årsverk

IHT

Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette.

Vangsheimen:

16 langtidsplassar, 10 korttids-plassar, ein tryggleikslass, dagsenter, kjøken/kantine og vaskeri.

	Leiing Vangsheimen, heimetenesta og miljøtenesta	
	3	3
Vangsheimen (langtid + vikarbank)	28	17,6 5
Korttid, heimesjukepleie og heimehjelp	32	16,7 1
Dagsenter og Grindablikk	6	1,67
Miljøtenester	39	19,2

Heimeteneste: Heimesjukepleie

og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

Dagtilbod: Grindablikk (dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens), og dagsenter Vangsheimen.

Butilbod: 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

Miljøarbeid: Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 33 støttekontaktar og avlastistarar. Tenestane avlastning, omsorgsløn, støttekontakt og assistentar i BPA utgjer 9,5 årsverk.

IHT har i hovudsak ei stabil personalgruppe. Det er ei utfordring å rekruttere og behalde faglært personell. Me lukkast til ein viss grad å rekruttere nye til avdelinga til faste stillingar, men det er ei utfordring i høve til vikariat. Våre fast tilsette ynskjer i periodar permisjon/redusert stilling for å få annan praksis eller ta utdanning. Det er positivt, men det er vanskeleg å dekke opp. Sjukefråvær gjer også at det er vanskeleg planlegge behov for bemanning fram i tid. Det er eit utfordring å dekke alle helger med fagfolk. Ei anna utfordring er å auke stillingsprosent utan å auke helgefrekvens. Me har i perioder nytta bemanningsfirma for å sikre rett kompetanse. Det er spesielt vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Store deler av året har me hatt 1-2 vikarar frå bemanningsfirma i 100% stilling for å dekke opp.



Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

Helsefagarbeidrarar: 2 årsverk lærling i IHT, ingen har fullført fagprøve i 2018.

Sjukepleie/vernepleie: Ein tilsett er under utdanning til sjukepleiar.

Leiarutdanning: 5 leiarar har gjennomført vidareutdanning i Velferdsteknologi

Kurs og anna opplæring:

- Brann og evakueringskurs på Vangsheimen
- Kurs brannansvarlige
- Kvalitetssikring av pasientsikkerheit på sjukeheimen
- Kurs i profil (dokumentasjon)
 - Nye tilsette: Grunnopplæring, Sjukpleiarar: gjennomgang og fokus på kartlegging og bruk av IPLOS.
 - Oppdateringskurs i profil
- Velferdsteknologi
- Ernæring i fokus
- Iplos
- Fagsystemkurs (PPS og kvalitetslosen)
- Legemiddelhantering grunnkurs til aktuelle personer
- Kapt 4a ,*Forebygging for tvang og makt, medisin, diagnostikk og metode i arbeid.*
- Rehabilitering
- Pårøranderettleiing
- Bandasje/sårkurs
- Etiske refleksjonar
- Målretta miljøarbeid – årleg kurs for nytilsette
- I miljøtenesten har dette vore kursa som er gjennomført:
- 9 helsefagarbeidere og assistenter starta kurset «Mitt livs ABC»
- 1 helsefagarbeidar tek vidareutdanning i «Psykisk utviklingshemming og aldring»
- Det er gjennomgått individuell opplæring i Profil, Kvalitetslosen og medisinopplæring.
- Etisk refleksjon er eige punkt på personalmøter, men har ikkje hatt eige opplegg rundt dette i 2018.
- Lund hadde brann- og evakueringsøving saman med Integrasjonssenteret i 2018.

Det er faste møter mellom leiinga og alle tillitsvalde i IHT annankvar månad.

IHT har fokus på HMS arbeid. Vi har tre aktive verneombod og har faste møte med desse. Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråværssarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidarsamtaler i alle avdelingar.




Sjukefråværsutvikling:

	2018	2017	2016
IHT eigen- og legemeldt	9,6	11,7	13,8

Det er framleis bufellesskapa som har det høgste fråværet, men også der er det redusert. Det er langtidsfråværet som er høgast. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde og har sett i gang eit arbeid ilag med HaVa BHT med formål å redusere sjukefråværet.

Økonomi

Ansvar 320 - 339 (IHT)		Regnskap	Budsjett	Avvik	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	68 381 490	68 389 000	-7 510	-0,01 %
	Inntekter	-16 188 464	-15 409 000	-779 464	5,06 %
	Brutto driftsutgifter	52 193 026	52 980 000	-786 974	-1,49 %
Investeringsdel	Utgifter	117 472			
	Inntekter	-23 494			
	Netto investeringsutgifter	93 978			




Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så hadde IHT eit mindreforbruk på 7 510 kroner i 2018, og meirinntekter på 779 464 kroner. Av meirinntekta så er 250 tusen kroner knytt til salsinntekter, hovudsaklig på Vangsheimen, og 450 tusen gjeld refusjonar (der 750 tusen av meirinntekta er knytt til sjukeløn, vi fikk i tillegg 500 tusen kroner mindre i refusjonar frå staten enn budsjettet). Resten av meirinntekta på refusjonar er knytt til 100 tusen kroner meir frå kommunar og 100 tusen meir i frå private.

Det er små endringar innen fordelinga av driftsutgiftene. Lønsutgitene er lik 2017 med 82% og kjøp av varer og tenester har auka med 1%. Den dominante utgifa er som i OKI – etaten lønsutgifter.

Lønsutgifta auka ca. med 580 000 kroner frå 2017 til 2018, til totalt 56 millionar kroner, og kjøp av varer og tenester auka med ca. 650 000 til ca. 7,4 millionar kroner. Den største utgiftsauka gjeld straum og står for ca. 128 tusen kroner, ein auke på 17%. Nest kjem avgifter på 127 tusen som er ein auke på 18%. Kurs og transportutgifter auka med tilsaman 178 tusen kroner.



Totalt forverra nettodriftutgifter seg med 2,9 millionar kroner frå 2017 til 2018.



Som vi kan sjå av utviklingen ovanfor så auka IHT utgiftsbasen med ca. 1,3 millionar kroner, samtidig som inntekta gjekk ned med 1,6 millionar kroner. Refusjonar frå staten gjekk ned med 1 million kroner, og vi fekk 750 tusen kroner mindre i sjukelønsrefusjonar. Samtidig gjekk salsinntektene opp med 143 tusen kroner. Som nemnd ovanfør er utgiftsauken i hovudsak knytt til 580 tusen kroner i løn og 650 tusen kroner knytt til kjøp av varer og tenester. Utgifta er fortsatt lægre enn i 2016 og 2014. Totalt auka utgiftene med 1,99% og inntekta gjekk ned med 9,11%.

Vangsheimen

Mål og viktige planar

- Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.
- Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale. Jobbe for større stillingar: Prøve ut kombinasjon helgestilling + vikarpool og ulike variantar av dette.
- Styrke leiarkompetansen gjennom kurs og utdanning
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs. Ta i bruk e-læring sette i system.
- Fagsistema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.
- Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
- Vidareutvikle brukarmedvirking med brukarane og pårørande. Jf. Rettleiar for brukarmedvirking i Vang kommune.

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlastning og lindrande behandling. Vi har ein tryggleikslass.

I 2018 var gjennomsnittleg beleggsprosent 76,36% (80,23% i 2017): 91,44% (92,79% i 2017) på langtidsavdelingane og 49,56% (57,9% 2017) på korttidsavdelinga. Det har vore 3 opphold på tryggleikslassen.

Det har vore 67 korttidsopphald i 2018 mot 54 i 2017. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 28,6 i 2018, ein nedgang frå 36,1 i 2017. Avlastingsopphald



held seg relativt stabilt både i antall og gjennomsnittslengde: 54 opphold med ei gjennomsnittslengde på 5 døgn.

Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2018 hadde ei gjennomsnittslengde på 250 dager.(1,6 år 2017, 2016: 2,5 år, 2015: 5,1 år, 2014: 2,9 år).

Korttidsavdelinga har 8 korttidsplasser og to avlastningsplassar. Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møter for å arbeide systematisk.

Presset på sjukeheimspllassar er stabilt. Det er god kapasitet på korttidspllassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå.

Hausten 2018 er det faglege ansvaret for korttidsavdelinga fordelt på to stillingar. Dei har hovudansvaret for den faglege oppfølgjinga av pasientar i avdelinga, journalansvar jf. lovverket; herunder sikre at dokumentasjon vedkomande pasientar til eikvar tid er ajour. Dei skal utarbeide sjukepleieplanar og sikre at spesielle treningsopplegg / tiltak blir følgt opp. Dei har og ansvar for kartlegging,dag-, veke og behandlingsplanar.

Felles sjukepleiemøter for Vangsheimen kvar 14 dag, for å ha felles faglege fokus, og diskutere div. praktiske problemstillingar.

Tverrfagleg previsitt kvar veke (legevisitt) Gjennomgang av pasientar, samordning av behandling og trening. Fysioterapeuten lager timekort som pasientane har på rommet, slik at dei har oversikt over når dei har time. Dette fungerte ei periode, men grunna vakanse i fysioterapitenesta, vart det borte. Generelt har ikkje fysioterapitenesta fungert optimalt på korttidsavdelinga i 2018.

Ergoterapeuten sørger for tilrettelegging heime, og å skaffe hjelpemiddel.

Det er laga eit pårøranderom, som familien/nærmaste kan nyte når dei har en av sine terminalfase.

Middagen er flytta frå kl. 13.00 til kl. 16.00. Med dette klarte vi å få ei døgnrytme der aktivitet og kvile er meir i balanse. Det er lagt inn eit ekstra måltid og meir rom for aktiviteter. Pasientane får kveldsmaten seinare på kvelden og har færre timer nattfaste. På korttidsavdelinga er det lagt til rette for at rehabiliteringspasientane kan hente frokost og lunsj sjølve. Dette fungerer ikkje, når pasientane på avdelinga er for dårleg fungerande.

Vangsheimen deltek i eit utvida forskingsprosjekt for å kartlegge infeksjonar og antibiotikabruk på sjukeheimen. Målet er å få ned antibiotikabruk på landsbasis. Å førebyggje infeksjonar er eit viktig tiltak. Årleg opplæring av tilsette blir gjennomført.

Heimebuande pasientar med kognitiv svikt som har behov for korttidsopphald forsøker me å gje korttidsplass på langtidsavdelinga. Grunnen er at det ofte er rolegare miljø og personalet har mykje kunnskap om kognitiv svikt. Målet er å kartlegge funksjonsnivået over lengre tid og i samarbeid med hjemmesykepleie, tilsynslegen og evt. spesialisthelsetjeneste blir det laga ein behandlingsplan. I 2018 har det vore fullt belegg på langtid, ein har difor ikkje kunne gje dette tilbodet der.

Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta.

Pleie- og omsorg organiserte i 2017 eit tre-årig overordna utviklingsprosjekt: «*Redesign av tenestar i møte med framtidas utfordringar*» - med 6 delprosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:



1. Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring: Det er behov for kunnskap og endra haldningar ved all endring. Det å auke kunnskap ved kurs, møter, informasjon osv. er difor viktig i alle dei prosjekta me har sett i gang.
2. Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt. Me starta i 2015 Grindablikk – dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Etter om lag eitt års drift var det behov for evaluering og noko endring i tiltaket. Dette prosjektet skal difor evaluere eksisterande tilbod og evt. endre driftsmåte. I tillegg skal ein vurdere evt. samordning av dagaktivitetstilbod og delvis bemanning i omsorgsbustaden på Storplogen. I 2018 vart det tilsett ein sjukepleiar i 40% stilling som fagleiarr for begge dagsentera. Dette får å få betre flyt og koordinering av aktivitetar.

3. Førebyggande heimebesøk

Kommunane skal drive førebyggande arbeid i høve til alle grupper. Førebyggande heimebesøk hjå eldre er eit tiltak me skal ha. Prosjektet skal utarbeide form og innhald i tiltaket, basert på sentrale føringar og lokale tilhøve.

Målet med heimebesøk er å bidra til alle over 70 år som bur heime skal kunne føle seg trygge, oppleve livskvalitet og behalde god helse så lenge som muleg.

Prosjektgruppa har i 2018 arrangert eit informasjonsmøte, der alle over 70 år vart inviterte. Dei fekk utlevert ein informasjonsfolder og kontaktinformasjon, samt med tilbod om heimebesøk. Ingen har etterspurt tilbodet eller takka ja til slik besøk i 2018. Det blir difor jobba vidare med andre løysingar for tilbodet.

4. Liv Laga! Mestring og rehabilitering i Vang

Kommunane får større ansvar for rehabilitering. Prosjektet skal utgreie korleis me skal organisere og drive rehabiliteringsarbeidet vårt i Vang. Kvardagsmestring er ein del av dette. Prosjektet har i 2018 stagnert noko – planen var å teste ut vår måte å jobbe med kvardagsrehabilitering og kvardagsmestring, men planane er ikkje sett i gang.

5. Velferdsteknologi – 2018: Overgang frå analoge til digitale alarmar, og ny mottaksfunksjon.

Velferdsteknologi er eit mangslungent område. Vang har ilag med dei 5 andre Valdreskommunane utarbeidd ein strategisk plan for velferdsteknologi i 2017. Kommunen har skifta til digitale alarmar frå 1. juli 2018, dette har fungert godt.

6. Ernæring og døgnrytme .

Kjøkkenpersonalet lager maten, den skal vera appetittvekkande og ernæringsrik. Pleiepersonalet følgjer opp vekt og ernæringsstatus på alle pasientar og lagar enernæringsplan for de som har risiko for underernæring.

Vi har gjennomført programmet aktivitetsvenn i samarbeid med nasjonal foreining folkehelse. Målet er å rekruttere frivillige som tar på seg frivillig arbeid til individuelle aktiviteter, eller delta i fellesaktiviteter for eldre. Det var et oppmøte av 6 personer. Nokre av dei var allereie frivillige. Det har dessverre ikke resultert i flere frivillige.

Me søkte Fylkesmannen i Oppland om Innovasjons- og kompetansemidlar, og fekk kr. 200 000,- til prosjekta i 2018. I tillegg hadde me overført 150 000,- frå 2017. Midla er brukt til prosjektarbeidet i 2018.

Det er ei utfordring å drive godt prosjektarbeid i tillegg til dagleg drift. Ein får ikkje alltid tilfredsstilande framdrift på prosjekta



Dagsenteret.

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2018 har det vore 25 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er ein reduksjon på 1 frå 2017.

Det er ulike faste aktivitetar:

- Allsong med Siri-Gro, Heidi og Alistair gjennom kulturskulen kvar måndag eller torsdag i skuleåret.
 - Balansetrening og fallførebygging med fysio 45 min. tysdag og torsdag
 - Andakt: 1 gong per mnd. med ei stølsmesse og ei nattverdsgudsteneste i påske og Lille juleftan.
 - Festmiddagar i kantina: t.d påskemiddag, fårikålens dag, rakfisklag og viltmiddag, Olsokfeiring med rømmegrøt, Festmidagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenteret.
 - Rullatortreff: Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetsløype og grilling
 - Det har vore 5 konserter med eksterne aktørar. Noko i regi av den kulturelle spaserstokken.
 - Besøk fra Vangskoret og Seniordans
 - Det er arrangert klessal 4 gonger
- Julebasar
- Tur til Syndin/strø, med middag på Syndinstøga
 - Bakedag i desember: Bakte stryller og goro
- Besøk av 1 og 2 kl. VBU i en sangtime
- Besøk fra kulturskule og 3 og 4 kl. VBU
- Besøk fra Barnehagen Luciafeiring og servering av lusekatter
 - Trim hver uke, mandag og torsdag
 - Frisør 1 gang pr måned

Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilbodet går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette. Dagaktivitetstilbodet har tilhald på Nordigarden ved Vangsheimen. Det er 6 plassar og var ope 2 dagar i veka, onsdag og fredag. Tilbodet kom i gang i 2015, og det har vore varierande antal deltagarar. Aktivitetane er tilrettelagt for at dei som er med skal oppretthalde /gjenvinne ferdigheter i m.a. daglege gjeremål.

Dagaktivitetstilbod for personer med kognitiv svikt vart re-establiert på Storplogen i januar 2018. Tilbodet omfattar skyss til og frå Storplogen, frukost, lunsj, middag, kaffi. Det er fortsatt store utførdringer å få rekryttet pasientar utan bygds, men de som bor på storplogen be nytter seg av tilbodet. Dagtilbodet har vore ope 2 dagar i veka som før. Aktivitetar er tilrettelagt for dei som er der, hatt tur til Lærdal, Fagernes, Syndin. Dei lagar lunsj og middag i fellesskap og får ein triveleg måltid saman. Personalet avlastar heimetenesta og har eit tett samarbeid.



Vang kommune fekk kr. 270 600,- til vidareføring av tiltaket i 2018. 2019 er siste året med tilskott.

Tilbodet har hatt 4-6 brukarar i 2018.

Lesestund med Sigfrid Hovda er vidareført, dette set pasientane på Vangsheimen stor pris på.

Omsorgsbustader

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekontor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på line med andre heimebuande.

Forsterka bustad er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timer pr. døgn. Etter utprøving av tilbodet ved Nordigarden, er det no flytta til Storplogen i kombinasjon med dagaktivitetstilbod.

Heimehjelpene har to timer på Storplogen måndag, tysdag og torsdag, som dei brukar til å hente og servere middag til bebruarane, og slik få eit triveleg måltid saman, dei får også mulegheit til tur/trening. Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær og høgtlesing.

Det har vore aukande søking på omsorgsbustadane i 2018, og dels venteliste. Ein bustad ved Storplogen er møblert til bruk som treningsleilegheit. Pasientar som har bruk for å prøve ut om dei kan greie seg i omsorgsbustad eller i eigen heim, kan «prøvebu» i denne leilegheita som del av eit korttidsopphald. Det er i mange tilfelle utfordrande å motivere pasientar til å prøve seg i treningsleilegheita, då mange har eit ynskje om å bli på sjukeheimen.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det ingen ledige bustader.

Heimetenesta

Mål og viktige planar

- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.
- *Praktisk bistand og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Vidareføre Kreftsjukepleiarfunksjonen i Vang kommune.
- *Avlasting* til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine nærmeste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Prosjekt «*Redesign av tenestar i møte med framtidas utfordringar*» - 6 delprosjekt og 2 frittståande prosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:



1. Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring
2. Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt
3. Førebyggande heimebesøk
4. Liv Laga! Mestring og rehabilitering i Vang
5. Velferdsteknologi – 2018: Overgang frå analoge til digitale alarmar, og ny mottaksfunksjon.
6. Ernæring og døgnrytme

Tillegg:

- Tilpassa bustader (sentrumsplan for Vang / bustadsosial handlingsplan)
- Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år.
- Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.
- Øystre Slidre kjøper tenester av Vang kommune for ca. 1 mill. kr gjennom samarbeidsavtale.

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det 2,9 årsverk for heimehjelp.I 2018 gjekk ei heimehjelp av med pensjon, og ei gjekk over i anna stillinga, det er no 3 heimehjelper tilsett i 50 % stillingar, 1 i 30 %, og 1 i 20 %. Vakant stilling blir lyst ut i 2019.

Hausten 2018 vart det gjort eit forsøk der heimehjelpene skulle begynne arbeidsdagen sin på Vangsheimen. Dette vil gje eit betre samarbeid med heimesjukepleia, betre oversikt og ressursutnytting på når brukaren ikkje er til heime. Det vil også gje heimehjelpene eit betre arbeidsmiljø og tilknytting til øvrige tenestar. Det vil bli jobba med gjennomføring av denne endringa i 2019.

Kreftsjukepleifunksjonen: Kreftsjukepleiar er tilstt i 10% stilling i kommunen, ho skal bistå, gje råd, samtaler og rettleiing til kreftsjuke pasientar og pårørande. Kreftsjukepleiar jobbar som ein del av heimesjukepleia, og kan bruke ressursane noko fleksibelt etter behov. I 2018 6 pasientar fått oppfølging..Kreftsjukepleiar har hatt 4 møter/kurs på Fagernes med kreftkoordinator og kreftsjukepleiar i Valdres.

Vang kommune og Valdres er med i eit stråleterapiprosjekt, krefsjukepleiar er vår kontakt i dette prosjektet.

Ved utgangen av året var det 114 (102) brukarar i heimetenesta (2017-tal i parentes).

65 (50) fekk heimesjukepleie, 49 (52) praktisk bistand. Det er ei auke i talet på pasientar i heimesjukepleia og ein liten nedgang på heimehjelp.. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg. Det er ei auke av hyttefolk som har behov for heimesjukepleie.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukhus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphold. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørande bidreg til at pasientar kan bu lengre heime. 6 personar nyttar avlastningsopphald ved utgangen av 2018.

Ved årskiftet var det 17 (19) personar som fekk tilkjørt varm middag. 38 (36 i 2017) brukarar har tryggleiksalarm.



Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Ordninga vart nullstilt og retningslinene justert frå 1.1.2018. Kommunen har 24 TT-heimlar (20 i 2017). I 2018 har me fått 7 søknadar. 4 er innvilga, 3 har fått avslag. 3 godkjenningar er avslutta grunna endra behov eller dødsfall.

12 brukarar fekk tilleggstildeling etter 1. halvår. Brukarar som ikkje nyttar ordninga får skriftleg informasjon om at godkjenninga kan bli avslutta om dei ikkje nyttar ordninga.

Etter tilleggstildeling hadde Vang kr. 122 000,- til fordeling, det vart brukt kr 101 000,- i 2018. Pr. 31.12.18 var det 20 godkjende brukarar.

Miljøtenesta

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dein næreste
- Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver
- Parkeringsbevis – for forflyttingshemma.
- Ledsagerbevis – for personar som treng bistand i aktivitet.

2018:

Brukarstyrt Personleg Assistanse: 5

Praktisk bistand – opplæring: 8

Omsorgsløn: 9

Støttekontakt: 26

Avlasting: 7

Fleire tenestemottakarar har meir enn ei teneste.

Ein ser ei auking i etterspørrelse for bistand frå miljøtenesten, òg i samarbeid med PPT, skular og BUP.

Bukollektiva

Vang kommune har to bukollektiv i miljøtenesten; Grindatun og Bakkehaugen.

Grindatun har 4 kommunale leilegheiter. Ei av leilegheitene vert nytta til avlastning, og ei som tryggleikslass. Grindatun yter tenester til 9 personar fordelt på to turnusområde; Eitt med 7,4 årsverk fordelt på 17 stillingar og eitt med 3,7 årsverk fordelt på 5 stillingar. Grindatun har døgnbemanning.

Bakkehaugen har 3 leilegheiter, den eine til ordinært utleige. Bakkehaugen yter tenester 2 personar, og har 8,1 årsverk fordelt på 17 stillingar. Bufellesskapet har døgnbemanning.

Grindatun og Bakkehaugen fekk i 2018 felles avdelingsleiar i 100% i administrativ tid, etter ei periode med to leiarar. Ein miljøterapeut jobbar på både bukollektiva for å sikre den faglege kvaliteten. Begge har fagleg ansvar for tenestane.

Det er framleis ledig 100% stilling for miljøterapeut i tillegg til fleire mindre stillingar (spesielt helg). Dette er utfordrande. Det vart tilsett ein vernepleiarstudent hausten 2018, men ho vart «headhunta» inn i ei anna attraktiv stilling. Miljøterapeutstillinga har vore utlyst fleire gonger, utan hell. Det har heller ikkje lykkast å få vernepleiar frå vikarbyrå.



Sommaren 2018 vart det endring i brukargruppa som medførte større omlegging av turnus.

Det blir prøvd ut 12 timars vakter i ein turnus. Erfaringa så langt er at dette gunstig på denne arbeidsplassen.

Arbeidsmiljøet i miljøtenesta er godt og stabilt, og me har gode vikarar.

Det er stort fokus på førebygging av sjukefråvær og sjukefråværssoppfylgjing. Kortidsfråværet i tenesta er lågt, men me har framleis noko høgt langtidsfråvær. Samarbeidet med NAV og dei sjukemeldte er godt.

Lund arbeidsbase driv arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, vaksenopplæring, integrasjonssenteret og flyktningtenesta. Tidvis er det òg arbeidstakrar via NAV, Bufar, HAPRO og andre instansar som skal ha språk- eller arbeidstrening. Lund vert òg nytt av NAV/HAPRO for registrering av restarbeidsevne. Ein registrerer at det kjem fleire og oftare førespurnad om tenester ved Lund frå desse instansane, noko som er positivt.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette.

Oppgåvene er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m, og ein ser ei auke i etterspurnad og omsettjing her. Omsettinga av ved er stabil, men kunne vore større ved betre lagringsforhald. Det vart før jul 2018 gjeve klarsignal frå kommunestyret om finansiering av vedlager, og teknisk har vore på Lund for innsikt i eventuell plassering og utforming. Har òg opna for ei «snekkerbu», der kreative idear blir sett i småskalaproduksjon for vidare sal, eventuelt for å gjere oppgåver enklare.

Lund har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). I 2018 har det vore nytt tre VTA plassar fram til november, då fekk me fire plassar som er oppdekka. Refusjonen frå Valdres Arbeidssenter dekker difor 60% stilling fram til desember 2018, etter det vert 80% dekka. Lund har eit godt samarbeid med Valdres Arbeidssenter på Leira.

Lund feira 20 års jubileum i 2018, med besøk av ordførar, rådmann og nokre politikarar. Her vart alle som arbeidar ved Lund invitert. Dette vart ei fin markering med taler, levande musikk, sol og uteservering av kaffe, kaker og frukt.

Golvet i storstogo (som ein nyttar til utleige) er bytta, og lokalet er vorte flott.

Lund Arbeidsbase har si eiga Facebookside for m.a marknadsføring.



Helseavdelinga

Hovudarbeidsområde

- Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgsteneste- lova: Legeteneste, fysioterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skule- helseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Det var 17 fast tilsette på helseavdelinga i 2018. Dette utgjorde 11,65 årsverk.
Helsetenesta for asylsøkjarar er vidareført med 1,2 årsverk for sjukepleiar.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar for lege og hjelpepersonell ved legekontoret.


Kvalitetslosen blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik, men eit avvik frå 2014 ang. bygningsmessige tilhøve er framleis ikkje retta med tilfredsstillande resultat. Det har ikkje vore tid til vernerunde.

Avdelinga har som før tilnærma ikkje sjukefråver.

I alle lokale for helseteneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.

Økonomi

Ansvar 105/108/300-319		Rekneskap	Regulert Budsjett	Avvik	
Driftsdel	Utgifter	23 736 041	23 679 000	Kroner	%
	Inntekter	-3 312 033	-2 962 000	-350 033	11,82%
	Netto driftsutgifter	20 424 008	20 717 000	-2 527 777	-5,27%
Investeringsutgifter		1 729 223			



Som ein kan sjå av tabellane ovanfor så hadde ansvara 105, 108, 300 - 319 eit meirforbruk på ca. 57 tusen kroner i 2018. Løn svarar for ca. 300 000 kroner av meirforbruket samtidig som det var eit mindreforbruk på kjøp av varer og tenester frå andre kommunar på 400 tusen kroner. Bidrag ifb. Med barnevern enda på eit meirforbruk på 120 000 kroner, og kjøp av varer og tenester hadde eit meirforbruk på 37 tusen kroner.

NAV hadde totalt eit mindreforbruk på 73 tusen kroner, Barnevern hadde eit mindreforbruk på 161 tusen kroner, Helseavdelinga hadde eit meirforbruk på 144 tusen kroner og Helse og omsorgssjefen hadde eit meirforbruk på 147 tusen kroner (hovudsaklig knytt til løn).

Meirinntektene på 350 tusen kroner er i all hovudsak knytt til refusjonar, der 267 tusen kroner gjeld Legekontoret. Av dei 267 000 er 175 000 kroner knytt til sjukelønsrefusjonar, og 90 tusen gjeld refusjonar frå staten (HELFO). Fysioterapi (31 tusen) og Friskliv (28 tusen) forklarar ca. 60 tusen kroner.

Totalt er det ein forverring av nettodriftsutgifter på nesten 2,6 millionar kroner til 20 424 008 kroner, der utgiftsauken står for ca. 2,3 millionar og reduksjon av inntekter står for c. 300 tusen kroner. NAV og Barnevernstenesta auka driftsutgiftene med tilsaman 620 tusen kroner frå 2017 til 2018 og kostar no 5,1 millionar kroner (NAV 2,9"). Interkommunale samarbeid som VLMS og IKT Valdres aukar med 380 tusen kroner (IKT Valdres 154').

Lønsutgiftene aukar med 900 tusen kroner frå 2017 til 2018, der helseavdelinga står for 575 000 og Helse –og omsorgssjefen sitt ansvar har ein auke på 588 tusen kroner. 525 tusen av auken på Helse- og omsorgssjefens ansvar er knytt til prosjektet psykisk helse og rus.



Desse utgjita er dekkja i sin heilhet gjennom tilskotsmidlar.

Legekontoret

Kommuneoverlege gjennom meir enn tredve år i Vang, Sidsel Offergaard Jevne, pensjonerte seg 1. april 2018. Marit Tuv vart tilsett som ny kommuneoverlege og Mari Kaspersen vart tilsett som ny fastlege. Grunna fødselspermisjon og vanskar med å få fatt i vikar, har ei legestilling stått utan lege sidan seinsommaren 2018. Vi har hatt vikarar inne deler av tida for å dekke opp for denne stillinga, samt for ferie- og kursfråvær. I månadene utan vikar har drifta gått rundt tross underbemanning, men med ein god del overtid for legane.

Det er høgt nivå på individretta forebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester. Terskelen for å få rask hjelp ved behov er låg. Det er stor etterspurnad og høg arbeidsintensitet. Individretta forebyggjande arbeid er prioritert. Legebemanningsa på sjukeheimen har vore redusert frå seinsommaren 2018 grunna ein lege mindre.

Legebemanningsa på helsestasjonen har også vore redusert hausten 2018 av same grunn. Det har likevel latt seg gjere å sy i hop tenestene på ein måte som i liten grad har påverka tilbodet til pasientane.

Helseteneste for asylsökjarar

Sjukepleiaaren ved asylmottaket opplever tidvis svært stort press. Sjukepleiarressursen er framleis 100% fast, og har i tillegg 20% å bruke i periodar med stort press. Det er ei stor utfordring at mange av bebruarane på mottaket har endeleg avslag. Medisinsk har desse då kun krav på augeblikkeleg hjelp, og det er vanskeleg å få avklara kva som ligg i dette omgrepet.

Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring fordi språk- og kulturforskjellar gjer konsultasjonane tidkrevjande. Legane har i tillegg til konsultasjonane fast møte med sjukepleiaaren ved asylmottaket kvar veke der mange medisinske spørsmål vert avklara.

Fysioterapi

2018 har vore eit utfordrande år for fysioterapitenesta. Frå mdio mars var det 60% vakant heimel for avtalefysioterapi grunna langtidssjukmelding. Det oppstod uventa problem med å skaffe vikar. Det medførte til tider uforsvarleg lang ventetid i tenesten. I tillegg måtte kommunefysioterapeuten utføre mange behandlingar som dei private elles hadde utført. Det førte til eindel bruk av overtid, og i tillegg redusert tilbod i både pleie- og omsorgstenesten og skule/barnehage. Det var ulike vikarar inne i to perioder på sommaren. Frå 1. november var det fast vikar på plass, og ved utgangen av året var ventetida normalisert. I prosessen oppdaga ein at organiseringa av tenesten med kommuneoverlege som administrativ leder, ikkje fungerte etter hensikt. Dirfor er tenesten inntil vidare direkte underlagt helse- og omsorgssjef.

Per 1.1.2018 var det ikkje lenger nødvendig med henvising for å få fysikalsk behandling. Vi har ikke merka nevneverdig større pågang p.g.a. dette. I dei fleste tilfella der pasienten kom uten henvising, har det resultert i kontakt med fastlegen likevel. Henvisningar frå fastlegane i Vang og i nokre tilfelle frå SI Gjøvik, kjem no ofte som elektroniske henvisinger, som gjer pasientarbeidet både lettare, og kvalitetsmessig betre.

IKT Valdres ikkje funnet løysing for elektronisk innrapportering til HELFO for kommunefysioterapeuten. Innrapporteringa har difor gjennom heile året skjedd manuelt.

Grunna problema nevnt i første avsnitt, har kommunefysioterapeuten sitt arbeid innanfor pleie- og omsorg og skulehelsetenesta vore begrensa til det absolutte minimum. Det vil seie: forsvarleg individuell oppfølging av pasientane. Fysioterapeuten har så langt som råd delteke i pasientretta møter, men som regel ikke i møter av organisasjonsmessig art. Det har heller ikke



vore tid til kurs- og etterutdanning. Fallforebyggande trening i samarbeid med Frisklivssentral vart videreført p.g.a. gode resultat.

Lokale og medisinsk utstyr er i forskriftsmessig stand, internkontroll er gjennomført. Det har ikkje vært vernerunde. Problema med storrenhold av golv ser ikkje ut til å vera løyst: det er ikkje meldt avvik på nytta, men det er fortløpende dialog for å finne e løysing.

Det er starta opp arbeid med å innrapportere utvida tallmateriale angående pasientbehandling. De privatpraktiserande har avgitt rapport, for den kommunale delen av tjenesten forventes det i løpet av 2019.

Ergoterapi

I 2018 har det vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling). Ergoterapistillinga er organisert saman med korttid- og heimetenester.

Ergoterapeuten jobbar med bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemiddler for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeut har, saman med brukarar, delteke på to hjelpemiddelmesser på Beitostølen for å halde seg oppdatert på produkt og for å prøve ut konkrete produkt som kan vere nyttige for den einskilde. Ergoterapeuten jobbar med trening / rehabilitering heime og i institusjon, og har i samarbeid med Uppigarden nytta heimebesøk saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig.

Ergoterapeuten deltek i tverrfaglege møte i IHT og er med i tildelingsteamet i IHT, med ansvar for ein del kartlegging / saksførebuing i forkant av møter. Ergoterapeut deltek i ansvarsgrupper både for barn og vaksne, nyttar videokonferansar-/møter ved behov og har koordinatoransvar.

Ved oppstart av barnehageåret 2018/2019 har det vore Skrivedans for førskulebarna i Høre barnehage. Det er eit godt samarbeid med barnehagen. Ungane synes det er artig og pedagogane ser nytteverdien av Skrivedans og gjev gode tilbakemeldingar.

Kontaktlærar for 1.kl ynskte Skrivedans ved oppstart av skuleåret 2018/2019. Dette vart gjennomført meir intensivt enn for barnehagen. Lærar gav og gode tilbakemeldingar på Skrivedans og såg nytteverdi for elevane.

Ergoterapeut jobbar framleis med Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, noko som krev ressursar i periodar. Dette arbeidet held fram i 2019.

Ergoterapeut deltok på ReHabiliteringskonferanse 2018 i regi av Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Hedmark og Sjukehus Innlandet.

Ergoterapeut har vore med å arrangert Rullatortreff i samarbeid med Dagsenteret og fysioterapeut.

Vang kommune har starta eit prosjekt for å endre tilnærming til tenesteyting og designe bærekraftige helsetenester for framtida. Ergoterapeut har hatt prosjektansvar for prosjekt kvardagsmeistring, som ser på intensiv trening på viktige aktivitetar og funksjonar hjå tenestemottakar. Målet med prosjektet er å bidra til at folk kan meistre kvardagen mest mogleg sjølvstendig og med dei tenestene som er naudsint, og gjennom trening og tilrettelegging forhindre eller utsetje behovet for omfattande helse- og omsorgstenester. Prosjektgruppa er tverrfagleg samansett, med fysioterapeut, vernepleiar og sjukepleiarar frå både korttidsavdeling og heimetenesta i tillegg til ergoterapeut. Prosjektet skulle jobbast vidare med i 2018, men av ulike årsaker vart dette vanskeleg, og prosjektet har gått på sparebluss store



delar av året. Det har vore nokre møter og eit studiebesøk til Øystre Slidre for å lære av dei. Prosjektet held fram i 2019, og er no styrka igjen.

Ergoterapeut deltok i planlegging og gjennomføring av temadag i Kvardagsrehabilitering og kvardagsmeistring for alle tilsette i heimetenesta.

Ergoterapeut yter og tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpemiddler. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men også i høve til kva rettar den einskilde har til m.a naudsynte hjelpemiddler. Det er eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.

Våren 2018 var ergoterapeuten rettleiar to fyrsteårsstudentar frå Ergoterapeututdanninga ved NTNU Gjøvik.

Ergoterapeut har systemansvar for ACOS IP (elektronisk individuell plan) i 2018 og ansvar for ajourhald av kommunalt kortidslager for hjelpemiddler i samarbeid med fysioterapeut.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har hatt jann arbeidsflyt og stabil bemanning gjennom heile 2018. Bemanningsressurssen er 2.5 årsverk. Arbeidet består av individuelle samtaler, men innhald og ein del samhandling med andre instansar og førebyggande tiltak.

Psykisk helseteneste har stadig aukande kompetansebehov, og innføring av pakkeforløpa for rus- og psykiatri vil også krevje meir frå primærhelsetenesta i dei kommande åra. Spesielt ynskjeleg har det vore å ta vidareutdanning i kognitiv terapi, noko ei av dei tilsette har no starta. Psykisk helseteneste har og delteke, saman med helsejukepleiar, i TIBIR opplæringa i 2018 (Tidlig innsats for barn i risiko). Og er no i gang å implementere opplegget.

I 2017 søkte Valdreskommunane tilskott til prosjektet: «Mestre og leve med sammensatte behov – når livet preges av rus og psykiske lidelser». Vang blei vertskommune for prosjektet og arbeidet begynte sein i 2017. Prosjektet blei leda av prosjektleiar, som i samarbeid med ei interkommunal arbeidsgruppe leverte ein sluttrapport i september 2018. Rapporten seier noko om dagens organisasjonmodell, og om dei utfordringar som er knytt til det. Det kjem fram at det er spesielt vanskeleg å lage gode bo- og omsorgstilbod til brukarane med alvorlege psykiske problem, samt brukarar med krevjande rusproblematikk.

Etter forprosjektet vart avslutta, vart resultata tatt vidare med i eitt nytt forprosjekt: »Fact-team for Valdresregionen». Dette er ein utredning som kartlegg Valdres sine moglegheiter til å bruke behandlingsmodellen FACT (Flexible assertive community treatment) Modellen er spesielt retta mot brukargruppa nemnt ovanfor. Arbeidet i prosjektet er eit samarbeid mellom Sykehuset Innlandet, NAV og Valdreskommunane, og finansiert av Fylkesmannen i Oppland. Prosjektgruppa sine tilrådingar og konklusjonar vil vera ferdige i primo 2019.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon og skulehelsetenesten har 1,5 årsverk. Pluss lege i ca. 0,1 %.

Generell målsetjing for helsestasjon og skulehelsetenesten:

Vi ynskjer å bidra til å skape ei positiv utvikling hjå barn og unge. Oppgåvane er i vesentleg grad knytt til helsestasjon for born 0-5 år og skulehelseteneste i grunnskulen. Arbeidet er omfattande, frå detaljerte undersøkingar til veiledning og støtte til foreldre. Vi har og ei målsetjing om å oppnå 100% vaksinasjonsdekning.



Brukarmedvirking er viktig og vi skal sikre at barn og ungdom blir høyrde, involverte og får innflytelse i kontakt med tenestane.

Kva har skjedd i 2018?

Ny tittel – HELSESJUKEPLEIAR. Stortinget vedtok samråystes i desember 2018 den nye tittelen som ble Helsesjukepleiar. Med den nye tittelen håpar og trur ein at fleire menn vil søkje utdanninga og at terskelen for å oppsøke helsesjukpleiar blir mindre og at det blir fleire mannlege søkerar til denne utdanninga.

Det er ei merkbar auke hjå barn og unge med psykososiale utfordringar, dette merkar vi godt i Vang også. For å møte denne situasjonen valde vi å dele opp helsestasjons- og skulehelsetenesta. Mona Røtterud har i hovudsak sitt arbeid i skulehelsetenesta 1-10 klasse, og Tone Lajord har ansvaret for helsestasjon, Forebyggende team, Tverrfaglig team og mottaket.

Også i 2018 vart det oppretta ansvarsgrupper til born og unge som har langvarige og sammansette behov, og helsesjukepleiar er i fleire av disse koordinator. Det gjeld og for dei ansvarsgruppene som er oppretta tidlegare. Denne oppfølginga er viktig og krev ein del av ressursen i helsesjukepleietenesta.

Alle nybakte foreldre får tilbod om COS-P veiledning, og i 2018 gjennomførde vi 2 kurs på 6 timer. Vi opplever at foreldra sett pris på dette tilbodet.

Vi har godt samarbeid med sjukepleiar på Vang Mottakssenter og har til tider mange nye barn som skal følges opp og vaksinasjonsstatus kartlegges.

Vi har eit utstrakt tverrfagleg samarbeid. Mellom anna er vi ein del av Tverrfagleg team som møtes 2 gonger pr år i barnehagane og på skulen.

I november 2018 byrja kommunepsykolog som vi samarbeidar med.

Komande utfordringar

Vi opplever stadig nye utfordringar, spesielt knytt til utviklinga samfunnets utvikling når det gjelder sosiale medier, mellommenneskelige relasjoner og psykososiale problemer. For å handtere dette må vår faglege kompetanse stadig fornyast og vi må ha stort fokus på det.

Frisklivssentralen

Antall brukere:

I 2018 var det henvist 16 nye brukarar, 5 frå lege, 7 som tok kontakt sjøl, 1 frå psykiatritenesta, 1 frå asylmottak og 2 frå fysioterapitenesta. I tillegg var det 19 vidareføringer av reseptperioder.

Regionale tilbod ved Frisklivssentralane i Valdres:

Forutan individuell oppfølging til personar med frisklivsresept, har Frisklivssentralen også ulike gruppetilbod. Vi samarbeidar med alle frisklivssentralane i Valdres, slik at brukarar eller andre interesserte kan nytte tilbod i andre kommunar.

Lokale tilbod ved Frisklivssentralen i Vang:

Gruppetrening:

Ein gruppetreningstime kvar tydag formiddag heile året. Det har voer stabil oppslutting med rundt 3-6 deltarar kvar gong. Det er ein times trening med lett oppvarming og i hovudsak funksjonell styrketrening.

Tilbodet om "Balansetrening for seniorar" starta opp i 2016, og er eit fast tilbod 1 time kvar torsdag formiddag. Målgruppa er eldre som går utan hjelpemiddel. Det er stabil oppslutting: rundt 4-7 deltarar pr. gong. Det er svært gledelig og positivt at deltarane gjev konkrete tilbakemeldingar på betring i balanse, og at dei føler seg meir stødige ved forflytting.

Det er også tilbod om 1 time med «Styrke- og balansetrening» i Ryfoss kvar onsdag kveld. Her har deltagninga auka i løpet av året, og det er no 9 personar som deltek regelmessig. Tilboden var i utgangspunktet tenkt som en gruppetrening, men det har utvikla seg til å bli noko individuelt retta, då deltarane har hatt ulike forutsetningar og funksjonsnivå for ulike øvelsar. Tilbakemeldingane har vore at dette er positivt for den enkelte, og at dette er viktig for at dei klarer å kome i gang med styrketrening. Det er ikkje nødvendig å ha frisklivsresept for å delta på gruppetilboda.

Frisklivssentralen i Vang har samarbeidsavtale med både Gnist og Ryfoss Treningsenter. Det innebærer at brukarar med *Frisklivsresept* kan benytte seg av treningsrom og tilbod ved dei to sentra i reseptperioden, dersom det er aktuelt.

I samarbeid med Frisklivssentralen i Vestre Slidre, gav me tilbod om kurs i «Bra mat for bedre helse» på senvinteren i år. Det var for få påmeldte, og kurset vart avlyst. Tilboden om «Middagshygge», er ikkje teke opp att i år grunna lita interesse og liten kapasitet frå Frisklivssentralen til å jobbe med formidling og utvikling av tilboden. Det er ynskjeleg å kunne få til tilboden igjen i 2019.

Prosjekt

Aktivitetspark:

I desember 2017 fikk vi tildelt prosjektmidlar frå Sparebankstiftelsen DnB for å etablere ein aktivitetspark i Vang kommune. Det ble nedsett ei prosjektgruppe som har jobba med dette gjennom heile året. Det er søkt om fleire midler til prosjektet, kommunen fekk ytterlegare kr 200 000,- frå Oppland fylkeskommune. Etter tilbodsinnhenting vart det firmaet Aktiv Lek som fekk oppdraget med å levere parken, og arbeidet med oppføring starta i august. Parken var ferdig i september, og den vart offisielt opna den 20. september 2018.

Prosjektgruppa har gjeve produsenten tilbakemelding på enkelte delar av parken som ikkje er oppført etter plan/avtale. Aktiv Lek har sagt dei skal utbetre dette på våren 2019.

Parken har vore flittig brukt etter opninga. Frisklivssentralen arrangerte hausten 2018 tre kveldar med instruksjon og rettleiing for trening og bruk av parken. Det deltok fra 7-20 personer på desse kveldane. Det er plassert ei «turbok» i parken, der besøkande og brukarar av området kan registrere seg, for å dokumentere bruken av området. Frå



september til desember er det ca 300 som har registrert seg i boka. Det er personer i alle aldre som er på området. Mange born blir observert der, og parken er flittig brukt av barnehagen. Skuleklassar har og vore der.

I samarbeid med Valdres Friluftsråd har vi søkt midlar til oppføring av informasjonsskilt og anna tilrettelegging, som for eksempel søppelkasser og benker, på området. Vi fikk kr 15000,- til dette. Det blir jobba med dette, og er planlagt fullført i 2019. Det er ynskjeleg med belysning på området. Dette vil vi forsøke å索取 midlar til i 2019.

Brukarrar som får frisklivsresept betalar ikkje eigenandel til kommunen/frisklivssentralen per i dag. Dersom en bruker ønsker å benytte tilbuddet med å trenere på eitt av treningssentra i reseptperioden på 3 måneder, blir dei belasta med ein eigenandel på kr 300,-. Kommunen betaler kr. 600,- til det aktuelle senteret per brukar som nyttar tilbuddet. For deltakerar på gruppentrening/tilbud (uten frisklivsresept), belastast kr 150,- per halvår.

Prisane vart ikkje auka i 2018. Det blir ei auke i 2019 for deltaking på gruppertilboda til kr. 300,- per halvår. Det er samme pris uavhengig av om vedkommande deltek på eit eller fleire gruppertilbod.

Planar, tiltak og utfordringar framover

Den største kjende utfordringa for helse- og omsorgsetaten framover er å utvikle bærekraftige tenester: Den demografiske utviklinga, innbyggjarane sine behov for helse- og omsorgstenester, kommunen sin økonomi og tilgangen på tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft er ikkje foreineleg i åra framover.

Tiltak:

- «Redesign av tenester for å møte framtidas utfordringar». Prosjektet skal vidareførast i 2019.
- VelferdiValdres – innføring av velferdsteknologiske løysingar i tenestetilbodet
- Vera ein attraktiv arbeidsplass for å rekruttere å behalde kvalifisert arbeidskraft

Planar jf. planstrategi:

- Oppdatert folkehelseoversikt
- Rullering handlingsplan mot vald i nære relasjoner
- Rullering demensplan
- Bustadstrategi for Vang kommune

Etatsleiar: Landbruk/teknisk sjef Terje Hålien

- Tilrettelegge for næringsutvikling.
- Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innafor dei tidsfristar og det skjønn styringssignalane heimlar.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringer og aktuelle tilleggsnæringer i Vang.

Hovudarbeidsområde

Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkellarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, kommunale vegar og gatelys, vatn(avløps)anlegg og renovasjon.


Talet på tilsette var 17 i 2018. Dette utgjorde 15,1 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres. Ein av driftsoperatørane slutta 1. september etter oppnådd aldersgrense.




Økonomi

Ansvar 400 - 490		Regnskap	Budsjett	Avvik	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	33 019 422	30 687 000	2 332 422	7,60 %
	Inntekter	-23 203 919	-21 785 000	-1 418 919	6,51 %
	Brutto driftsutgifter	9 815 503	8 902 000	913 503	10,26 %
Investeringsdel	Utgifter	7 794 747			
	Inntekter	-4 983 573			
	Netto investeringsutgifter	2 811 174			

Brutto driftsutgifter 2018



Utvikling inntekter utgifter



Landbruk/teknisk etat hadde eit meirforbruk på 2,3 millionar kroner i 2018. Ca. 500 tusen er knytt til lønsutgifer, hovudsaklig knytt til vedlikehald og vegarbeid. Det har vore vanskelig å budsjettere korrekt på desse områda og ein håpar at omorganiseringa av vaktmeistertenestene i 2019 vil betre på dette.

Varer og teneste budsjettet hadde også eit overforbruk på 800 tusen kroner, der også dette er knytt til vedlikehald og vegar. Det er som nemnd gjort tiltak for å betre på oversikta på desse ansvara.



Varer og tenester som erstattar eige tenestetilbod hadde eit overforbruk på 350 000 kroner, i all houvsak knytt til VBRIKS.

Til sist så hadde etaten eit overforbruk på overføringsutgifter på ca. 650 tusen kroner der 280 tusen kroner er knytt til mva (som heng saman med meirfrobruket på varer og tenester), 230 tusen gjeld tilskot (her til nybygg 170', og sentrumsplan 60'), og 135 tusen kroner er tapsføringar på hushaldsavfall.

Etaten hadde også meirinntekter på totalt 1,4 millionar kroner i 2018. Her er står salsinntekter for 724 tusen kroner av meirinntektene. 350 tusen av dette er knytt til årsgebyr med hovudvekt på vassavgifter som enda med 335 tusen over budsjett og feie gebyr som enda 166 tusen kroner høgre enn budsjettet. I motsett retning går avløpsgebyra som enda 140 tusen kroner under budsjett. Ordinære gebyrinntekter enda med 120 tusen kroner i meirinntekt og anna avgiftspliktig sal enda med 186 tusen kroner i meirinntekt (av dette var 166 tusen knytt til avløpstjenesta, septikktømming).

Refusjonar enda med 575 tusen kroner i meirinntekter, der 280 tusen er knytt til mva som følgje av meirforbruket på vare og tenester. Det er seld utstyr til VBRIKS for 592 000 kroner, vi fikk refundert 168 tusen kroner knytt til utgifter Vang kommune hadde på brannstasjonene. GIS samarbeidet ble noko billigare enn berekna, og grunna bruk av fond fikk Vang kommune ca. 380 tusen kroner mindre i refusjonar frå Statens kartverk.

Av inntektsauken på 1,6 millionar frå 2017 til 2018, gjeld 1,4 millionar kroner refusjonar der 592 tusen kroner er eingongseffekter grunna sal av utstyr til VBRIKS.

Utgiftene auka med nesten 6,4 millionar kroner frå 2017 til 2018 der ca. 3,5 mill er knytt til VBRIKS og 1,5 millionar kroner gjald sjølvkostområdet til VKR (VKR sin utgifter svingar ca. 1,5 mill. kvart år der dei annan kvart år kostar ca. 5,5 mill, og ca. 4 mill åre etter). Av denne kostnadsauken er 3,5 millionar kroner varige utgifter, sjølv om ca. 600 tusen er knytt til feietenster som føljer sjølvkostreglane og dermed ikkje kostar kommunen noko. Netto driftsutgifter knytt til Landbruk teknsik etat forverra seg med 4,8 millionar frå 2017 til 2018.



Bygningsavdeling

Det vart innvilga byggeløyve for 22 nye hytter i 2018 (31 i 2017) og 5 leilegheitsbygg med totalt 20 fritidsleilegheiter.

Det er gjeve byggjeløyve for seks (sju i 2017) nye einebustader.

Det er ikkje gjeve byggeløyve for nye driftsbygningar dette året.

Totalt er det behandla 110 (245) saker inkl. utsleppssaker etter delegert behandling i 2018, og 38 (28) saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Delegasjonssakene omfattar tilbygg, ombygging og mindre bygningar, som garasjar og anneks, og utsleppsøknadar. Ein del saker omfattar oppfylgjing av ulovleg bygging, der fleire er ilagt overtredelsesgebyr.

Det kom inn 763 000 kr (932 000 i 2017) i gebyr for behandling av byggjesaker.

Det er no 1,2 stillingsheimel som arbeider med byggesaker og avløpssaker.

Arealplanlegging

Planstragi

Planstrategien for 2016-2019 vart vedteken 24.6.2016. Denne gjer ei oppsummering av heile planlista til kommunen og prioriterer kva planar som skal reviderast og utarbeidast og når i kommunestyreperioden. Næringsutvikling, bustadssituasjonen i kommunen, sentrumsutvikling og vassmiljø, energi og klima er prioriterte fokuspunkt.

Kommuneplan

Kommuneplanen frå 2014 (med ei mindre endring i 2015) styrer arealbruken og utnyttinga av uregulerte bustadar og fritidsbustadar i kommunen. Jamfør planstrategien skal ikkje kommuneplanen reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

Kommunedelplanar

Kommunen arbeidar med ny kommunedelplan for Tyinkrysset. Våren 2018 vart det gjennomført møter med ulike interessentar i området for å finne ei samla løysing. Rådmannen jobba mellom anna vidare med innspelet frå denne referansegruppa og presenterte hausten 2018 ei *to-delt* tilnærming til ny kommunedelplan Tyinkrysset for interessentar og grunneigarar i området. Både utval og kommunestyret har vore med i prosessen. Det føreligg no eit planforslag som skal opp til politisk behandling i kommunestyret i april 2019.

Revisjon av kommunedelplan for trafikksikring er ikkje starta opp. Det har heller ikkje arbeidet med kommunedelplan for klima og miljø.

Reguleringsplanar som er vedtekne og under utarbeiding/behandling

I 2018 vart det vedtakne fire nye reguleringsplanar i Vang; Øyebakkin, Tindesyn, Vassverk og Reinseanlegg samt ei mindre endring av Kvamskleiva. Øyebakkin tek sikte på brannsikring av stavkyrkja, medan Tindesyn legg opp til anna bruk av område L1 og L2 i Øvre Gudbrandslie. Vassverk og reinseanlegg er regulert på ny for å tilpasse tilkomstveg og byggeområde.

Områdeplanen for Vang sentrum fekk mykje ressursar i 2017 og 2018, og vart sluttbehandla i kommunestyret i desember 2018.

I tillegg er fylgjande reguleringsplanar i prosess:

- Tyin trafikkareal
- Raudalen – utviding av eksisterande hyttefelt



- Krøssvølhaugadn
- Nystuen
- Endring av reguleringsplan for Eidskroken massedeponi
- Revisjon av E16 Øye Eidsbru(Djupedalen massedeponi)
- Bygdin
- Kjøsaraudalen
- E16: Øylo – Hålimo
- Klukkargarden
- Fjellheim

Det vart kravd inn kr. 100.200,- i gebyr for behandling av private planforslag i 2018.

Frådeling, oppmåling, kartlegging, seksjonering og plassering av bygg

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova og jordlova. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkel- ansvarleg. Etter frådelingsløye blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning.

Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova.

Det vart i 2018 gjennomført 59 forretninger etter matrikkellova, av desse er 18 i felt som skal merkast i 2019. Arbeidet med oppdatering av eigedeomsgrenseser og avklaring av eigar tilhøve for eldre vasskraftanlegg på sameigegrunn held fram - i nært samarbeid med FBR (Foreningen for Begnavassdragets regulering). Arbeidet held fram i 2019.

I oppmålingsgebyr kom inn 727.000 kr (inkl oppmåling av uteareal på seksjonar). For plassering av bygg der ansvarleg søker vel å nytte kommunen som ansvarleg føretak, kom inn 68.000 kr. For tilrettelegging av meglarinformasjon (om bygg, plan og eigedom før omsetning, «Infoland») kom inn ca. 50.000 kr.

Kommunane i Valdres oppgraderte GPS-utrustinga si våren 2018 – etter ein felles anbudsprosess og drøfting av tekniske krav. Utstyret fungerar godt.

Kartleggingsprosjekt pågår kontinuerleg, i samsvar med Geodataplan for Hedmark og Oppland. Kommunane gjev årleg innspel på regionale møter med alle eigarane av kartdata – i alle hovudsak offentlege.

Namnesak reist av Kartverket i 2017 ligg framleis til avklaring i Kartverket. Lovverket for skrivemåten er framleis til utgreiing og kommunen har gitt innspel i alle høyringsrundar, fordi kommunen ynskjer å forsvare bruk av dialektnære skriftformer på vegnamn, på kart og i offentleg forvaltning. Kommunen legg til grunn at Kartverket ikkje avviser former vedtekne i Vang. Kommunen legg og til grunn at Kartverket ikkje krev endringar i skriftformer lovverk under behandling vil kome til å heimle.

Vang kommune er arbeidsgjevar for GIS-konsulenten i Valdres. Han driftar felles kartsystem for Valdres (VGIS) og bidreg med opplæring, oppgradering og tenester for alle kommunane. Funksjonen er heilt vesentleg for kommunane sitt servicenivå.



Bustadtiltak og vedlikehald

Ledige bustadtomter i kommunale felt: Tyinkrysset 2, Høgeset 4; ein forkjøpsrett som ikkje er nytta, Lundmarka 0, Nordigarden 0; (to resterande er delt på 4 bebygde tomter), Bøaflata 1, Åsvang 4 (8 til om VA-blir tilrettelagt), Ryfoss 2 og Steinræet 6.

Kommunen vil starte opparbeiding av nye bustadtomter i Ryfoss i 2019.

Også i 2018 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar. Denne ordninga fungerer bra.

Brann- og feiarvesen

Alle Valdreskommunane unnatake Nord Aurdal, har no i 2018 vore samla i eit felles brann-, rednings- og feiarvesen, organisert som eit IKS samarbeid. Dette har så langt fungert bra.

Landbruk

Pr 1.3.2018

Bruk med mjølkekyr:	32 (37)	Mjølkekyr:	514 (578)
Bruk med andre storfe:	43 (53)	Storfe/ammekyr:	1277 (1396)
Bruk med sau:	40 (44)	Vinterfora sau:	2967 (2477)
Bruk med mjølkegeiter:	4 (4)	Mjølkegeiter:	451 (431)
Bruk med pelsdyr:	4 (5)	Pelsdyrtisper:	454 (700)
Tal for 2017 i parentes.			

Ingen statleg kvote var å få kjøpt i 2018.

Avløysing i husdyrbruket vart administrert av Vang avløysarlag.

Det vart gjeve ei statsstøtte til driftsbygningar i Vang i 2018. Det vart gjeve kommunalt tilskot til 2 nybygg og 2 utbetringer i fjøs heime.

2 reiskapshus fekk kommunal støtte. Det har ikkje vore betalt ut kommunalt tilskot til nydyrkning eller grøfting i 2018.

I ordninga spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL-ordninga) var det 14 søknader frå Vang i 2018. Av desse gjaldt 12 rydding av gammal kulturmark og 2 verneverdige bygningar.

På grunn av turkesumaren 2018 innførde staten ei erstatningsordning til bønder med stor avlingssvikt. For å hjelpe flest mogeleg av bøndene i Vang med å søkja elektronisk vart det halde ein kurskveld. 25 gardbrukarar deltok. I Vang var det 56 bønder som søkte om ordinær erstatning. Dette medførte eit stort arbeidspresss for landbruksavdelinga, då dei sentrale styresmaktene bad om at behandling av desse søknadene måtte prioriterast. For meirarbeidet fekk kommunen kr 20 000 frå fylkesmannen som kunne nyttast til ekstrahjelp

Etter reglementet for ordinær statleg erstatning, var det ein del bønder som fall utanfor ordninga, men som likevel hadde stor avlingssvikt og måtte kjøpa ein god del stråfor. For ein del medførte dette store transportkostnader. Difor vedtok kommunen å innføra ei ordning med transportstøtte der transporten var over ei viss lengd.



Elles har lansbrukskontoret vore representert på årsmøte i Bondelaget.

Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvalting av skogfond og rentemidlane av skogfondet høyrer til dette.

I 2018 vart det avverka 2214 m³ tømmer med ein bruttoverdi på 744 083 kr.

Kommunen har i fleire år, i samarbeid med Vestre Slidre og skulen arrangert skogdag for 5. klasse, med naturstig med tema om skogen og andre aktivitetar. Dagen vert og arrangert i samarbeid med skogeigarlaget. Eit populært tiltak.

I 2018 arrangerte kommunen kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag. Her deltok 6 ungdomar som kommunen dekte deler av kursavgifta for, med bruk av rentemidlar. Eit populært tiltak som det er ynskje om å arrangere fleire av.

Dersom ein gardbrukar skal ha tilsette til å drive i skogen så er det eit krav frå Arbeidstilsynet at desse skal ha utført kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag.

På skogavgiftskontoen for Vang pr. 31.12.18, stod det inne kr 856 890. (skogsavgift + rentemidlar). Rentene utgjorde kr 14 302,29,-. Rentemidlane skal nyttast til fellestiltak, informasjon og arrangement. For 2018 vart det nytta kr 11344,- til informasjon og pålagt andel til Fylkesmannen og skogeigarlaget.

Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioda 2018-2021.

I 2018 vart det felt 48 elgar av ei kvote på 62 og 46 hjortar av ei kvote på 108. Avskytinga i 2017 var 44 elg og 74 hjort.

I samband med utbrudd av skrantesjuke på villrein i Norfjella, er jegerane i Vang kommune pålagt å ta hjerneprøve av alle felte hjortevilt over 2,5 år i 2018. Det vart ikkje påvist smitte av skrantesjuke her i Vang.

For utrykking ved viltpåkøyrslar og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fire personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vakt-sentralen.

På grunn av den snørike vinteren 2018 vart det registrert 33 fallvilt. Mange av desse var rådyr og hjort som vart funne døde eller vart avlilva pga avmagring og utmatting. På Vennis var det store flokkar med hjort. Ein kunne rekne flokkar opptil 40-50 dyr som heldt seg på dyrka mark.

Av dei 33 fallvila var det 5 elg, 13 hjort og 15 rådyr.

Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman.

Filefjell har sumarbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret. Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren. Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin. Det vil seia at så mange som 14000-14500 rein beiter om sumaren i fjella i Vang kommune.

Desse 3 reinlaga slaktar ca 6000 rein, som utgjer ca 175-185 tonn med fysteklasses reinskjøtt kvart år.



Rovdyr

I 2018 vart det ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko rovvilt. Samla tap vart 251 av 7710 slepte sau/lam (3,2 %) som er normaltap på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovvilkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe. Viltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslagene har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

Det kommunale fellingslaget i Vang har hatt 3 samlingar der dei går i gjennom beredskapsplan for akutte tiltak mot rovviltskade og der dei har skytetrenings. Ei av samlingane var med Vestre Slidre.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, fellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der ein går igjennom bl.a. beredskapsplan og gjennomgang av sesongen.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2018 vart det utbetalt kr 31 350 i premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
119	3	72				56

Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar var i hovudsak ferdig i bygda. Vegen Heen -Remmesåsen fekk nytt rekkverk i 2018, så no har vegen fått ein bra standard. Etter Øvrebygdvegen vart det i løpet av året skifta nokre stikkrenner.

Vatn og avlaup (VA)

Nye Tyinkrysset renseanlegg vart overteke i 2018, og arbeidet med nye Tyinkrysset vassverk vart påbegynt med opparbeiding av adkomstveg, leidningar og flomvern av borebrønnane. Lage Gjevre AS stod for graveentrepresa.

Nytt Høgdebasseng ved Grøvstølen skal byggast og prosjekteringa av dette vart påbegynt i 2018, saman med detaljprosjektering av utvidelsen av Ryfoss bustadfelt.

I 2018 vart arbeidet med kartlegging av leidningsnettet vidareført, VA avdelinga hadde ein summarvikar i 2018.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert. Arbeidet kan gebyrfinansierast.

Dekningsgrad vatn 103,9 % (118 %) og dekningsgrad avlaup 89,9 % (138 %).

Kommuneskogen

Vang kommune hadde i 2018 fire skogteigar: Brekken, Øvre Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman ca. 902 da skog fordelt på ca. 21 da med høg bonitet, ca. 456 dekar med middels bonitet og ca. 425 da med låg bonitet. I tillegg ca. 37 da anna areal. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabojaktfelt eller inngår i organisert viltag.

Byggjesaker

Det er å rekne med at søknadar på bygging av nye hytter vil halde seg på omtrent same nivå komande år som det har vore dei par siste åra. Bygging av nytt vassverk i Tyinkrysset i 2019 og revidert kommunedelplan håpar ein vil gje ein ny oppsving i utbygging på Tyinkrysset i løpet av få år.



Det er framleis att ca. 650 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt i Vang. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslie. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen er eitt felt fullt utbygd (ca. 30 hytter) i løpet av få år av same utbyggar, og det er her nødvendig med nye arealplaner før vidare utbygging.

Det nye, private bustadfeltet på Heensåsen har tydelegvis utløyst eit behov. Her er det no bygd ferdig fire nye bustadar.

Det kommunal bustadfeltet på Åsvang har att nokre få ledige byggeklare tomter, og fleire tomter kan gjerast byggeklare ved å legge meir va-ledningsnett (kloakk-pumpeledning).

Utbygging av infrastruktur i fyrste etappe av det nye bustadfeltet i Ryfoss (utviding av eksisterande) vil bli starta i 2019. Det er berre att eit par byggeklare tomter i det eksisterande bustadfeltet i Ryfoss.

Byggefeltet på Bøaflato er nesten fullt utbygd. Det er att tomter i Steinræet bustadfelt.

Det ser ut som det er aukande interesse for bygging av bustadar på spreidde, private tomter, og det vil mest truleg koma fleire søknadar om godkjenning av slike framover. I kommuneplanen sin arealdel er det sett av fleire område i kommunen til dette føremålet.

Det bør ikkje vera mangel på tomter som hindrar at den positive trenden med bygging av nye bustader held fram slik som dei siste par åra.

Byggesaksbehandlar i 40 % (pluss 40 % plan og 20 % beredskap) har sagt opp og sluttar 1. juni. Det er no lyst ut 100 % stilling på byggesak i tillegg til eksisterande 80 %. Dersom det blir søkjerar og tilsett nokon i denne stillinga, vil det kunne frigjera tid til m.a. å få utført pålagt tilsyn i byggesaker. Oppfylgjing av ulovleg bygging, som kommunen er plikta å gjera med heimel i plan- og byggingslova, er svært tidkrevjande. Gjennom opplysning i media og utføring av tilsyn, er det å håpe at færre startar byggearbeid før dei har avklara om tiltaket må søkjast om eller ikkje.

Kart og oppmåling

Kvalitetsheving av matrikkelen vil i 2019 halde fram med det mål å få registrert og målt ferdig dei eldre vasskraftanlegga. Langs E-16 skal nye eigedomsgrenser matrikkelførast etter kvart som parsellane er ferdig målt etter avslutta grunnerverv og anlegg. Vegvesenet leverer måledata og held forretningane, men nye og gamle grenseliner må bindast saman og det er svært arbeidskrevjande. Kommunen har eit større etterslep for å få lagt inn nye grenser mot veg og det ventast å auke når nye dataleveransar kjem utover året.

Det er eit velfungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres. Data teknisk drift av kartsystema innafor «IKT-Valdres» er framleis ei stadig kjelde til frustrasjon for dei involverte.

Innstilling om endringar i lov om eigedomsregistrering vart behandla i Stortinget 15.03.2018, men er ikkje sett i verk. Fleirtalet vedtok at dagens organisering med kommunen som ansvarleg for måling av eigedomsgrenser skal halde fram og at matrikkelføring av grenser ikkje skal sentraliserast til Kartverket. Krav om oppmåling av eldre tomter før omsetning vert innført, men verknadsdato er ikkje fastsett. System for autorisering av landmålarar også i kommunal teneste, er venta innført. Forskriftene er venta på høyring.

Kartleggingsprosjekta i samsvar med Geodataplanen held fram.

Elles kan det ventast ein god del arbeid og utgifter i samband med nye kommunenummer som fylgje av fylkessamanslutninga.



Planlegging

I 2019 blir det framleis ein del ressursar som må nyttast på kommunedelplan for Tyinkrysset, fram til og med sluttbehandling. Elles er det fleire private reguleringsplanar som har kome inn, eller som er i prosess, deriblant tre som ynskjer å regulere til bustadføremål. Ved nytt kommunestyre må ein også i gang med revidering av kommunal planstrategi.

Bustadtiltak og byggjeprosjekt

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og tilgjengelege ressursar.

Frå 1. januar 2019 er vaktmeistartenesta slått saman og sorterer no under teknisk etat, som då også får ansvaret for drift og vedlikehald av alle kommunale bygg.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindauge og betra ventilasjon. Vindauge er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglass med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindauge. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak.

Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak.

Det er også behov for ny heis på kommunehuset, den gamle tilfredsstiller ikkje dagens krav.

Brann- og feiarvesen

Feiring og tilsyn er ein no kome i rute med att. Der det er varmepumpe blir det ikkje feia kvart år. Det er no kome krav om at fritidsboligar også skal feiast.

Når det no er vedteke felles brann-, rednings- og feiarvesen i Valdres, vil det bli ein del arbeid for å få dette på plass. Målet var at ordninga var oppe og går frå 01. januar 2018 og det klarte ein.

Landbrukskontoret

Landbrukskontoret vil i 2019 arrangere ulike fag-dagar/kveldar og -turar i samarbeid med faglaga, landbrukskontoret i Vestre Slidre, Norsk Landbrksrågjeving og Fylkesmannen.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald, dyrevelferd og forureiningssaker i 2019.

Det vil bli søkt om kommunale og statlege midlar for vidare vegetasjonskartlegging i kommunen.

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar og kulturlandskaps- og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av statstilskot til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2019, men det er uvisst vidare framover. Det har òg kome signal om at dei såkalla SMIL-midlane vil bli redusert i 2019 i forhold til tidlegare år. Dette vil ha betydning for aktivitetene på desse feltene.

Kommunale vegar

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege ressursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større kjøretøy.

Vatn og avløp

Bygging av nye Tyinkrysset vassverk fortsett i 2019 med oppstart av byggearbeider i april, lokale entreprenørar som Vang Bygg, Tyin VVS og Elektromontasje er inne på byggisda, medan Aqwa er leverandør av maskin og prosessutstyr. I samband med utbygging av nye Tyinkrysset vassverk skal heile driftskontrollanlegget oppgraderast, dette arbeidet vert starta hausten 2019.



Vang kommune

- vilt og vakkert

Detaljprosjekteringen av Ryfoss bustadfelt er ferdig og det skal i løpet av 2019 kontraherast ein entreprenør for arbiedet så fort grunnkjøp er gjennomført.

Grindaheim reinseanlegg har fått midlar til luktrentsing, eit luktredusjonsanlegg er innkjøpt og vil bli montert i løpet av 2019.

Reinseanlegget på Åsvang er tett på bustadfeltet og det blir stadig rapportert om dårlig lukt frå anlegget. Anlegget er også tett på rekreasjon / treningsområde for grenda.

Reinseanlegget på Åsvang er bygd opp av ein slamavskiljar, lecafILTER og våtmarksfilter. Ei utbetring av anlegget bør inkludere utskifting av lecafILTERet då desse har avgrensa levetid.